




Årsrapport 2025





Innhold

Konsernsjefen har ordet s 04

Årsmelding, rekneskap og notar

Organisasjon og bakgrunn s 06

Nøkkeltal konsernet s 08

Årsmelding frå konsernstyret s 09

Resultatrekneskap s 22

Balanse s 23

Verdi av konsernet s 25

Notar til rekneskapen s 26

Kontantstraumanalyse s 50

Revisjonsmelding s 52

Samfunnsbidrag s 54

Berekrftsrapport s 56

Status for eigarstyring og selskapsleiing s 76

Om Tussakonsernet

Tussa Kraft s 78

Tussa Energi s 80

Tussa IKT s 84

Tussa Installasjon s 86

Styret i Tussa Kraft s 88

In English

Organisation and history s 90

Revenue statement s 94

Balance sheet s 96

Foto av styret i Tussa Kraft: Tommy Rasmussen

Foto av SolarAnchor: Oclin

Alle andre foto: Marius Beck Dahle

På framsida, utbyggig av Skårelva kraftverk. Olav Osvoll, Terje Myklebust, Thea Herberg og Sveinn Larusson i Tussa Energi.

Utvikling i ei uroleg tid

2025 vart eit år der krig, geopolitisk uro og finansiell uro prega verda. I Ukraina er det krig på fjerde året, noko som påverkar tryggleikspolitikken i Europa og Noreg. Handel, tollkrig, uro mellom gamle allierte og uro i Midtausten påverkar tankesettet vårt om kritisk infrastruktur og tryggleik for energiforsyninga. Energipolitikk og tryggleikspolitikk smeltar saman, og tryggleik og beredskap kring energileveransar blir stadig viktigare.

Den største utfordringa i vår tid er klimaendringane. Noreg må gjennomføre store kutt i CO₂-utsleppa ved å konvertere frå hydrokarbonar til elektronar i industrien, transportsektoren og i landbruket.

Godt posisjonert

Tussa er godt posisjonert i denne framtida, med aktivitet innan fornybar kraftproduksjon, IT og fiberteknologi, som kan bidra til rasjonell drift og nye innovative løysingar. Vi kan også bidra med gode energieffektive løysingar for styring, automasjon og installasjon i bygg og industri.

I 2025 utvikla vi SolarAnchor, eit festemateriell for solceller på store, flate tak, som gir innsparingar i både kostnader og tidsbruk. Saman med god energistyring i bygg, kan dette bidra til å redusere utslepp og energiforbruk.

Vekst i IT og installasjon

Gjennom 2025 har Tussa hatt god vekst i IT-verksemda. Kjøpet av PC Support auka omsetninga og bidrog til kundevekst i 2025.

For å leggje til rette for vidare vekst innan installasjonstenester til maritim sektor og havbruk, vart Proton Elektro kjøpt hausten 2024 og fusjonert inn i 2025.

Lågare energiprisar

Etter stort hydrologisk overskot i prisområda NO₄ og NO₃, fall kraftprisane i 2025, og gjennom sommaren og hausten var prisane særst låge. Situasjonen er framleis krevjande, kraftprisane varierer sterkt og svingar med sol, vind og tilsig til kraftsystemet.

Gjennom året har kraftprisen i NO₃ vist stor volatilitet med markante svingingar. Året starta med høge prisar i første kvartal, men prisane vart langt svakare i andre og tredje kvartal. I dei to siste månadane i året vart prisane markant betre. Dei store svingingane har skapt høve for regulerbar vasskraft til å tilpasse produksjonen etter dei varierte prissignala.



Utvikling av ny kraftproduksjon

Tussa ønskjer å bidra til gode rammevilkår for industrien og innbyggjarane i regionen. I NO₃ er forbruket 50 prosent større enn produksjonen, og vi går også mot underskot på kraft i eit nasjonalt perspektiv. Eit underskot vil auke prisane, og kan føre til at nye industrielle kraftkrevjande initiativ vil søke mot andre regionar og land med lågare kraftpris. I Tussa vil vi jobbe for å motverke dette ved å utvikle ny kraftproduksjon i regionen. I 2025 har vi hatt to kraftverk under bygging, og har lagt til rette for eit nytt effektkraftverk på Bjørke.

Eg vil takke alle medarbeidarane i Tussa for den gode innsatsen som vert lagt ned. Dette arbeidet er avgjerande for det gode resultatet i konsernet, for verdiane vi skaper til eigarane våre, og ikkje minst at vi kan fylle samfunnsrolla vår som ein lokal, ansvarleg, påliteleg og framtidretta aktør i regionen.



Tussa er godt posisjonert for framtida med ny fornybar produksjon, IT- og fiberløysingar som kan bidra til rasjonell drift og nye innovative løysingar.

Johnny Hundsnæs,
ingeniør telefoni i Tussa IKT

Organisasjon og bakgrunn

Tussa sin visjon er å skape framtidretta og miljøvennlege løysingar.

Tussa er eit leiande energi- og teknologikonsern på Nordvestlandet. Vi produserer fornybar energi, byggjer og driftar digital infrastruktur, tilbyr IT-tenester og er ein betydeleg aktør innan elektroinstallasjon. Dyktige og framsynte eigarar og medarbeidarar har gjort og gjer dette mogleg.

Tussa Kraft vart skipa 28. desember 1949 med føremål om å byggje kraftverk i Tyssefossen på Bjørke. Selskapet har vore ein sentral bidragsytar til den store utviklinga i regionen, både når det gjeld industrialisering generelt, og spesielt innanfor kraftforsyning og telekommunikasjon.

I dag tilbyr Tussa eit breitt spekter av produkt og tenester innan energi, IT, kommunikasjon og installasjon.

Forretningsidé

Tussa skal drive forretningsverksemd med utgangspunkt i produksjon, overføring og omsetning av energi- og breibandsprodukt. Varer og tenester skal vere baserte på Tussa sin infrastruktur eller kjernekompetanse.

Hovudmål


Tussa skal sikre god og langsiktig avkastning til eigarane ved å eige og drive forretningsverksemd innan energiproduksjon, energidistribusjon, fiber, IT og elektroinstallasjon.

Organisering

Tussa er organisert som eit konsern med morselskapet Tussa Kraft AS som 100 prosent eigar av dotterselskapa Tussa Energi AS, Sunnmøre Energi AS, Tussa IKT AS og Tussa Installasjon AS. Administrative støttefunksjonar innan økonomi, finans, personal, administrasjon og kommunikasjon er samla i morselskapet, som yter tenester til dotterselskapa.

I tillegg til dei 100 prosent eigde selskapa, har Tussa strategiske og industrielle eigarpostar i Linja med 32,9 prosent, i Istad AS med 36 prosent og i Wattn AS med 21,9 prosent.

Tussa Kraft AS



– med kraft til å skape miljøvennlege og framtidretta løysingar

Sveinn Larusson, Olav Osvoll og Terje Myklebust i Tussa Energi.

Nøkkeltal konsernet

Tal i mill. kr

	2025	2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018
Resultat og balanse								
Energisal	325,8	361,9	468,0	440,9	275,2	204,2	557,9	519,2
Nettleige	0,0	0,8	1,0	316,4	306,1	263,2	269,4	246,2
Driftsinntekter	963,3	891,3	922,8	1 192,6	966,3	855,7	1 134,2	1 048,2
EBITDA	279,8	285,3	380,2	525,7	321,5	302,7	334,9	254,0
Driftsresultat	125,5	150,2	251,5	355,8	167,6	162,6	205,2	132,5
Årsresultat	175,5	108,2	173,4	131,8	70,9	111,7	96,8	56,2
Investeringar	195,6	178,3	156,4	276,9	246,2	267,9	216,7	536,9
Totalkapital	3 756,2	3 582,1	3 459,4	3 972,0	3 798,5	3 078,9	2 927,9	2 944,2
Eigenkapital	1 909,2	1 821,5	1 783,8	1 371,4	1 309,6	987,1	965,8	869,1
Utbyte	76,2	69,4	63,1	53,3	47,0	44,5	42,0	39,5
Utbyte pr. aksje i kr	21 784	19 833	18 039	16 332	14 385	14 691	13 840	13 042

Lønsemd								
Totalkapitalrentabilitet	7,9 %	6,1 %	11,1 %	10,5 %	6,6 %	8,2 %	9,0 %	6,8 %
Eigenkapitalrentabilitet før skatt	12,1 %	9,5 %	18,1 %	22,8 %	13,4 %	13,8 %	19,0 %	11,4 %
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	9,4 %	6,0 %	11,0 %	9,8 %	6,2 %	11,4 %	10,6 %	6,5 %
Resultatgrad	0,26	0,23	0,38	0,33	0,22	0,26	0,22	0,17
Kapitalomløp	0,31	0,27	0,29	0,32	0,30	0,31	0,41	0,41

Kapitaltilhøve								
Eigenkapitalprosent	50,8 %	50,8 %	51,6 %	34,5 %	34,5 %	32,1 %	33,0 %	29,5 %
Rentedekningsgrad	4,5	4,8	3,3	4,0	3,1	2,2	2,9	2,2
Likviditetsgrad 1	0,7	0,9	0,6	0,7	0,9	0,7	0,9	0,9
Utbyteprosent	43 %	64 %	36 %	40 %	66 %	40 %	43 %	70 %

Personal								
Produktive årsverk	319	286	263	317	318,15	283,6	273,6	272
Omsetning pr. produktive årsverk	3,0	3,1	3,5	3,8	3,0	3,0	4,1	3,9
Driftsresultat pr. produktive årsverk	0,4	0,5	1,0	1,1	0,5	0,6	0,7	0,5

Tala frå og med 2023 er omarbeidd pga prinsippending der Linja AS vert behandla etter EK-metoden.

Historiske ta før 2022 viser Linja etter bruttometoden.

EBITDA	<i>Inntening før rente, skatt, avskrivning og nedskrivning (Earnings before interests, taxes, depreciations and amortizations)</i>
Totalkapitalrentabilitet	<i>(Resultat før ekstraordinære postar + finanskostnader) / gjennomsnittleg totalkapital</i>
Eigenkapitalrentabilitet	<i>Resultat før ekstraordinære postar / gjennomsnittleg eigenkapital</i>
Resultatgrad	<i>(Resultat før ekstraordinære postar + finanskostnader) / (finansinntekter + driftsinntekter)</i>
Eigenkapitalprosent	<i>Eigenkapital / totalkapital</i>
Rentedekningsgrad	<i>(Resultat før skatt + finanskostnader) / finanskostnader</i>
Likviditetsgrad 1	<i>Omløpsmidlar / kortsiktig gjeld</i>
Utbyteprosent	<i>Ordinært utbyte / årsresultat</i>

Årsmelding frå konsernstyret 2025

Tussa leverte eit solid resultat i 2025, trass i eit krevjande og uføreseieleg marknadsbilette.

Konsernresultatet er påverka av det svært gode resultatet i Linja, som fekk ei ekstraordinær harmoniinntekt som følgje av fusjonen mellom Mørenett og Linja. Høgare produksjonsvolum, saman med vekst innan forretningsområda IKT og installasjon, bidrog til å løfte resultatet. Driftsresultatet enda på 125,5 mill. kr.

Fusjonane med PC Support og Nordvest Elektro Drift vart gjennomførte i løpet av året, og desse styrkjer både kapasiteten og kundetilbodet i regionen.

Tussa bidreg med betydelege verdjar til eigarane gjennom utbyte og skatt, og er ein viktig samfunnsaktør som støttar utvikling og verdiskaping i regionen.

Verksemd og lokalisering

Tussa er eit leiande energi- og teknologikonsern på Nordvestlandet. Tussa produserer fornybar energi, byggjer og driftar digital infrastruktur, tilbyr IT-tenester og er ein betydeleg aktør innan elektroinstallasjon. I tillegg har Tussa eigarpostar i selskap innan nettverksemd og kraftomsetning.

Tussa er lokalisert fleire stader på Nordvestlandet, med hovudkontor i Ørsta kommune.

Visjonen til Tussa er å ha kraft til skape framtidsetta og miljøvennlege løysingar. Hovudmålet er å sikre god og langsiktig avkastning til eigarane ved å eige og drive forretningsverksemdar innan energiproduksjon, energidistribusjon, fiber, IT og elektroinstallasjon,

Vidare drift

Styret stadfestar at føresetnadene om framleis drift er til stades, og lagt til grunn for rekneskapen.

Hovudtrekk i 2025

Driftsresultatet for kraftproduksjonen vart på 92,9 mill. kr, som er 28,6 mill. kr lågare enn i 2024.

Kraftproduksjonen var 107 prosent av normalproduksjonen, og var 121,2 GWh høgare enn året før. Kraftprisar og prisar på opphavsgarantiar var lågare enn i 2024.

For kraftproduksjonen er skattekostnaden på 60,3 prosent av resultatet før skatt, medan han i 2024 var 61,8 prosent.

Forretningsområda IKT og installasjon har auka både omsetninga og driftsresultatet.

Tidleg i 2025 kjøpte Tussa IKT 100 prosent av aksjane i PC Support. Selskapet vart fusjonert inn i Tussa IKT per 1. mai 2025, med rekneskapsmessig verknad frå 1. januar 2025. Dette har medført at aktiviteten innanfor forretningsområdet IT har auka med om lag 50 prosent i løpet av 2025.

Tussa Installasjon kjøpte tidleg i 2025 Nordvest Elektro Drift. Selskapet vart fusjonert inn i Tussa Installasjon i mai 2025, med rekneskapsmessig verknad frå 1. januar 2025.

Tussa Energi har arbeidd med utviklinga av eit nytt effektverk på Bjørke, og fekk i juni konsesjonsfritak for bygging av kraftverket parallelt med Tussa kraftverk. Kraftverket, Tussa II, vil få ein installert effekt på 150 MW og vil nytte eksisterande vassdragskonsesjon. Tussa har starta å detaljplanleggje kraftverket og førebur søknader om alle naudsynte offentlege løyve.

Framtidig utvikling

Kraftproduksjon og engros-krafthandel

Tussa har 28 heileigde kraftverk og er deleigar i 1 kraftverk, og har avdelingar for kraftproduksjonsverksemda i Ørsta og Stranda. Tussa har to småkraftverk under bygging og har fått konsesjonsfritak for effektoppgradering av Tussa kraftverk.

Rammevilkår fornybar energi

Auka produksjon av fornybar energi er heilt naudsynt for at Noreg skal nå klimamåla sine. Den regulerbare vasskrafta blir stadig viktigare for å balansere eit energisystem med aukande innslag av uregulert produksjon. Denne endringa i energisystemet kan også gi underskot av effekt i enkelte periodar. Tussa sine anlegg er godt posisjonerte for denne framtida. Stor vasskraft, småkraft og vind på land er dei teknologiane som har lågast kostnad og størst konkurransekraft i ein framtidig kraftmarknad.

Strategi og framtidsutsikter

Auka forbruk som følgje av elektrifisering gir kraftunderskot og effektutfordringar i prisområdet vårt (NO3). Dette blir normalt dekt opp av god flyt mellom prisområda, spesielt med kraft frå Nord-Sverige, men i periodar med lite vind vil NO3 også oppleve prisar som er meir like Sør-Noreg enn tidlegare. Dette blir forsterka av kapasitetsauken som kom på plass hausten 2025 mellom NO3 og NO5 (Vest-Noreg), som knyter oss tettare på den europeiske kraftmarknaden.

Dette legg grunnlaget for å vurdere nye kraftprosjekt og effektoppgraderingar. Ustabile politiske rammevilkår rundt skattlegging av energiproduksjon, gjer det vanskelegare enn før å byggje nye kraftanlegg som har lang levetid, der endringar i rammevilkåra vil kunne slå kraftig inn. Med mange småkraftverk i porteføljen vil endringa som er på høyring rundt senka innslagspunkt på grunnrenteskatt treffe Tussa sterkt. Det er svært uheldig at rammevilkåra for ein langsiktig bransje stadig er oppe til diskusjon.

Kraftprisen dei komande åra

Framtidsmarknaden for transparente kraftprisar på Nasdaq har i dag låg tillit grunna dei store prisdifferansane mellom regionar, noko som i sin tur har ført til lågt omsett volum. Det er difor ein referanse som Tussa i dagens situasjon ikkje legg avgjerande vekt på i framtidsvurderingane sine.

Tussa har valt sjå på framtidsprognosar frå ulike analysemiljø. Uvisse om prisdifferansar og prisnivå er framleis store både på grunn av hydrologisk balanse som varierar mykje med våte- og tørre år, innslaget av vind og sol, og geopolitisk uro som gir sterkt svingande olje-, kol- og gassprisar.

Med overoppfylling av den svensk-norske elsertifikatmarknaden, er det venta at sertifikatprisane vil halde seg nær null framover. Det som har synt seg å ha større effekt den seinare tida er prisen på opphavsgarantiar. Der er det utsikter til prisar på mellom 1 og 3 øre/kWh for dei neste fem åra.

Installasjon

Tussa er i dag den største elektrotekniske installasjonsverksemda i regionen med installasjonsavdelingar i Ørsta, Ulsteinvik, Fosnavåg og Stryn. Her er det sterke fagmiljø innan dei aller fleste relevante fagområda, og Tussa er ei aktiv lærebedrift med 23 lærlingar innanfor elektrofaget. Målet er å vere den føretrekte leverandøren både i privat- og bedriftsmarknaden.



Robert Vatsaas, tekniskar, og Svein Inge Juliebø, ingeniør, i Tussa Installasjon.

Forretningsområdet er prega av stor teknologisk utvikling, mellom anna innan ulike automasjons- og styringssystem. Tussa opplever også at interessa for miljøvennlege løysingar, som til dømes solcelle- og batteriinstallasjonar aukar i regionen.

Tussa har ambisjonar om vidare vekst, og kjøpte difor 100 prosent av aksjane i Proton Elektro i 2024. Fusjonen vart gjennomført med verknad frå 1. januar 2026. Tussa kjøpte også 100 prosent av aksjane i Nordvest Elektro Drift, som vart fusjonert med Tussa Installasjon med verknad frå 1. mai 2025. Samla sett vil dette auke aktiviteten i forretningsområdet installasjon med om lag 30 prosent.

IKT

Tussa har IKT-avdelingar i Ørsta, Ålesund, Sykkylven, Åndalsnes og Stryn. Tussa skal dekkje kundane sine behov for framtidsretta, profesjonelle, miljøvennlege og sikre kommunikasjons- og IT-tenester heile døgnet. Målet er å vere kundane sitt førsteval som leverandør av breiband, TV og strømetenester og skape lønsam og langsiktig vekst gjennom å levere trygge, berekraftige og framtidsretta IT-tenester.

Kundetilgangen innan breiband og breibandstenester er tilfredsstillande. Omdømmeundersøkingar viser at kundane er godt nøgde med breibandsprodukta Tussa tilbyr gjennom fibernettet.

Gjennom året har Tussa bygt ut fiber til fleire kundar og hadde ved utgangen av 2025 om lag 19 100 kundar på denne teknologien. Oppetida i breibandsnettet var høg i 2025, noko som sikra stabile tenester til kundane. Når feil oppstår er det gode rutinar og system for å identifisere og rette dette raskt.

Stadig fleire bedrifter vel å setje ut delar av IT-drifta, sidan auka krav til spesialkompetanse og informasjonssikkerheit gjer det utfordrande å drifte eigne løysingar. Gjennom salsarbeid og samarbeid med ulike partnara oppnår Tussa eit stadig større volum innan IT-avtalar.

Omdømmeundersøkingar viser at kundane er særst godt nøgde med dei IT-tenestene som blir leverte. Tussa forventar auka etterspurnad etter konsulenttenester, sikkerheitstenester og skybaserte tenester framover. Det blir satsa offensivt på Microsoft sine Azure-skytenester, og datasentera i Ørsta og Sykkylven har god kapasitet for framtida. KI-teknologien



Styret i Tussa Kraft: Egil Brækken, Elisabet Lauvstad Haugen, Daniel Fjørtoft, Linn Therese Hansen Sævik, Ann Helen Korsfur Krøvel, Rune Hovde, Jorunn Skrede, Sindre Svellingen, Olav-Arne Hustad Vinjevoll, Torgeir Bratteberg og Sindre Rotevatn.

blir viktigare og viktigare, og Tussa arbeider med korleis denne teknologien kan bli utnytta både ut mot kundane, og internt i selskapa for å effektivisere og automatisere prosessar.

Både IT og internett er samfunnskritiske tenester, og det er viktig for samfunnet at desse tenestene er stabile og har høg oppetid. Den geopolitiske situasjonen er ustabil og ekstremværsituasjonar vert både meir alvorlege og skjer hyppigare. Beredskap og sikkerheit er difor av særst stor betydning.

Tussa har ambisjonar om å vere den leiande IT-aktøren i regionen. Tidleg i 2025 kjøpte Tussa 100 prosent av aksjane i PC Support. Det førte til at aktiviteten innanfor forretningsområdet IT auka med om lag 50 prosent i 2025.

Utgreiing om årsrekneskapen

Konsernet

Rekneskapen for Tussa i 2025 viser samla driftsinntekter på 963,3 mill. kr (891,3) og eit driftsresultat på 125,5 mill. kr (150,2). Resultat før skatt er 226,0 mill. kr (171,4) og etter skatt er resultatet 175,5 mill. kr (108,2). Tilsvarande tal for 2024 står i parentes.

Tussa auka omsetninga med 72,0 mill. kr, noko som tilsvarar 8,1 prosent. Kraftproduksjonen viser reduksjon i omsetninga på grunn av lågare kraftprisar i høve til 2024, medan IKT- og installasjonsverksemdene auka omsetninga. I same periode viser samla driftskostnader ein auke på 96,8 mill. kr, noko som tilsvarar 13,1 prosent.

Eigenkapitalen utgjorde 50,8 prosent (50,8) av totalkapitalen ved årsskiftet. Konsernet sin eigenkapitalrentabilitet vart 12,1 prosent før skatt (9,5). Avkastinga på totalkapitalen vart 7,9 prosent (6,1).

Finans

Netto finanspostar i konsernet vart 100,5 mill. kr (21,1). Auke i resultatdel frå Linja som følgje av harmoniinntekt frå fusjonen mellom Linja og Mørenett er hovudårsaka til den positive utviklinga av finansresultatet. Harmoniinntekta blir berekna av NVE to år etter at fusjonen er gjennomført, og er eit eingongsbeløp.

Skatt

Årsrekneskapen for 2025 viser ein skattekostnad på 50,6 mill. kr (63,1). Dette utgjer 22,4 prosent av resultatet før skatt. Grunnrenteskatten utgjer 32,4 mill. kr (38,7) av den totale skattekostnaden for konsernet. Utsett skatteplikt er 127,5 mill. kr (121,6).

Gjeld

Langsiktig renteberande gjeld var ved utgangen av året på 1 379,7 mill. kr (1 322,4). Av dette er 664,7 mill. kr rentesikra. Auken i lånegjeld kjem mellom anna som følgje av at investeringane er høgare enn avskrivningane gjennom året.

Kortsiktig gjeld ved utgangen av året var 304,9 mill. kr (272,2), ein auke på 12 prosent frå 2024. Det er fleire postar som bidreg til auken.

Rekneskapen viser at sum gjeld i konsernet utgjer 1 847,1 mill. kr (1 760,6), ein auke på 4,9 prosent frå 2024.

Investering

Samla investering i varige driftsmidlar var 195,6 mill. kr i 2025 (178,3). Dei største investeringane er gjort innanfor kraftproduksjon og fiber. Det er også bygt nytt forretningsbygg for Tussa Installasjon i Ulsteinvik.

Kontantstraum

Tussa har gjennom året hatt ein kontantstraum frå driftsaktivitetar på 221,2 mill. kr (181,6). Kassakreditten, som har ei ramme på 100 mill. kr, var ikkje nytta ved utgangen av året.

Morselskapet

I morselskapet viser driftsinntektene ein auke på 3,5 mill. kr samanlikna med 2024. Driftskostnadene viser ein auke på 4,8 mill. kr, og driftsresultatet for 2025 er 1,3 mill. kr lågare enn for fjoråret. Netto finans er 54,2 mill. kr betre enn fjoråret, noko som heng saman med auken i resultatdelen frå Linja, som følgje av harmoniinntekta.

Resultatet før skatt vart 52,9 mill. kr betre enn i 2024. Den finansielle stillinga til morselskapet er god og eigenkapitalprosenten går minimalt ned frå 56,6 prosent per 31. desember 2024 til 56,3 prosent per 31. desember 2025.

Segmentinformasjon

	Omsetning		Driftsresultat		Resultat før skatt	
	2025	2024	2025	2024	2025	2024
Kraftproduksjon	344 075	382 814	92 867	121 500	84 486	98 626
Installasjon	253 249	218 221	8 543	7 659	4 545	5 108
IKT	402 199	318 287	45 030	40 711	28 450	25 661

Proton Elektro si omsetning og resultat er med i tala for installasjonsverksemda frå 1. oktober 2024.

Rekneskapen gir ei rettvis oversikt over utviklinga og resultatata i selskapa og konsernet si verksemd og stilling.

Kraftproduksjon og engros-krafthandel

I 2025 vart driftsresultatet for produksjons- og engrosverksemda 92,8 mill. kr (121,5), og resultat før skatt vart 84,5 mill. kr (98,6).

Året starta med magasinfylling på om lag 96 prosent og avslutta med 78 prosent av normal fylling. Til samanlikning har magasinfyllinga ved nyttår dei ti siste åra vore mellom 56 og 96 prosent. Året var vått med stor sommarnedbør heilt inn i hausten. Seinhaustes vart det tørrare vēr med høgare prisar, og magasinavtappa mot nyttår.

Det har vore høg oppetid på kraftverka dei siste åra og lite driftsavbrot som følgje av feil i eigne anlegg. I all hovudsak gjeld dette også for 2025. I sommar avventa vi produksjonen ved Tussa kraftverk ved låge spotprisar, og ved svake og til dels negative prisar i intradagmarknaden, vart det kjøpt tilbake produksjon, noko som innebar noko større overløpsrisiko. Samstundes vart det gjennomført ein lengre revisjon på generator 1. Dette enda med overløp på om lag 8 GWh, men dei tapte verdiane hadde låg marknadsvardi.

Det vart produsert 867 GWh elektrisk kraft i 2025. Til samanlikning vart det produsert 746 GWh i 2024. I 2025 var gjennomsnittleg spotpris i området vårt 24,7 øre/kWh mot 32,6 øre/kWh i 2024.

Samla oppnådd totalpris for den produserte krafta, utan elsertifikat og andre grøne tillegg, vart 32,5 øre/kWh i 2025 mot 38,6 i 2024. Oppnådd pris over spot skuldast produksjonsplanlegging og agering i dei stadig viktigare tilleggsmarknadene: intradag- og reservemarknadene.

I tillegg til styring og forvaltning av eigen kraftproduksjon, vart det kjøpt 169,9 GWh frå lokale småkraftverk, dei fleste private, der Tussa er balanseansvarleg.

Handelen med opphavsgarantiar gav eit positivt resultat trass prisnedgang i løpet av året. Samla sett vart prisen for 2025 0,95 øre/kWh mot 2,6 øre/kWh i 2024. Elsertifikat har fått ein så låg pris at den økonomiske effekten ikkje er vesentleg.

Installasjon


Forretningsområdet hadde eit driftsresultat på 8,5 mill. kr i 2025 (7,7), og resultatet før skatt vart på 4,5 mill. kr (5,1).

Driftsresultatet auka med 0,9 mill. kr i 2025. Marknaden er framleis prega av hard konkurranse med låge marginar på større prosjekt, og låg aktivitet i privatmarknaden. Serviceaktiviteten er god. Utsiktene for 2026 er noko betre en fjoråret, men året vil vere prega av låg aktivitet i privat- og prosjektmarknaden.

IKT

Forretningsområdet hadde eit driftsresultat på 45 mill. kr i 2025 (40,7), medan resultatet før skatt vart på 28,5 mill. kr (25,7).

Kommunikasjonsprodukt hadde ein omsetningsvekst på 18,7 mill. kr i 2025 og IT-produkt hadde ein omsetningsvekst på 63,7 mill. kr. som i stor grad er eit resultat av fusjonen med PC Support . Det er potensiale for ytterlegare vekst både innanfor kommunikasjons- og IT-tenester.



Magnus Grimstad, leiar for forretningsområdet IT i Tussa IKT.



Jarl Vinjevoll, bedriftsrådgjevar, og Mathilde Brekke, avdelingsleiar sal og kundesenter, i Tussa IKT.

Finansiell risiko

Generelt om finansiell risiko og risikostyring

Tussa er eit industrielt konsern som tek vare på aksjonærverdiene gjennom aktiv styring av finansiell risiko. Den finansielle risikostyringa vert operasjonalisert gjennom finansstrategien, der konsernstyret fastset rammene for administrasjonen. Strategien understøttar ein langsiktig og sterk kredittposisjon og føreseieleg tilgang til framand kapital.

Kraftmarknadsrisiko

Det er knytt særskild marknadsrisiko til konsernet si hovudverksemd kraftproduksjon og krafthandel. Marknaden har til dømes eit stort innslag av vêravhengig kraftproduksjon, og hydrologien varierer frå år til år. Det gir utslag i kraftprisane og produksjonsmengda, og kan samla gi stor volatilitet i resultatet. Kraftprisane er også påverka av andre energiprisar, spesielt gass- og Co2- prisane. Desse har vore sær volatile som følgje av eit usikkert verdsbilette med krig i fleire regionar. Tussa vurderer fortløpande kor eigna avtalar og instrument i marknaden er for å styre kraftprisrisikoen, i tråd med konsernet sin finans- og sikringsstrategi. Det vart ikkje gjort kraftprissikring av produksjonen i 2025.

Valutarisiko

Tussa sine største langsiktige valutaeksponeringar er knytt til løpande inntekter frå kraftsal, der oppgjør i euro fører til mellombelse valutabehaldningar som vekslar fortløpande. Langsiktig valutaeksponering blir handtert gjennom av gjeld i valuta og bruk av valutaderivatar. Valutaderivatar og pengeposter blir vurdert til verkeleg verdi over resultatet. Verdien av rente- og valutabyteavtalen var -23,3 mill. kr per 31. desember 2025. Avtalen har hatt ei negativ verdiutvikling på 0,3 mill. kr gjennom året.

Renterisiko

Renterisiko viser til innverknaden som endringar i underliggjande pengemarknadsrenter og terminrenter har på konsernet sine kontantstraumar. Konsernet si direkte eksponering består av netto renteberande gjeld. Konsernet styrer netto renteeksponering gjennom låneopptak i fast eller flytande rente, i tillegg til rentebyteavtalar. Rentebyteavtalane blir sikringsbokførte.

Kredittrisiko

Som eit ledd i konsernet si risikostyring vert eigarforhold og soliditet vurdert ved inngåing av avtalar med tredjepartar. Det har historisk vore få konstaterte tap på fordringar, og låg generell risiko for at motparten ikkje har økonomisk evne til å oppfylle pliktene sine.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko oppstår når det ikkje er samsvar mellom kontantstraumane frå verksemda og finansielle plikter for eit gitt betalingstidspunkt. Konsernet sikrar naudsynt likviditet gjennom gode rutinar og ei kassakredittramme på 100 mill. kr. Per 31. desember 2025 var kassakreditten ikkje nytta.

Organisasjon

Aksjonærer

Eigaroversynet per 31. desember 2025 går fram av note 24. Det er viktig for konsernet å ha interesserte og engasjerte aksjonærer. Dette skal Tussa oppnå mellom anna ved å skape verdier for aksjonærane i form av utbyte og verdistiging av aksjane. Grunnlaget for verdistiging av aksjane kjem frå investeringar av den delen av årsresultatet som ikkje blir betalt ut i utbyte. Desse investeringane vert gjort med eit samfunnsansvarleg og langsiktig perspektiv.

Eigarstyring og selskapsleiing

Prinsippa for eigarstyring og selskapsleiing regulerer rolledeling mellom eigar, styret og leiinga utover det som er gitt av føringar i aksjelova. Den norske tilrådinga om eigarstyring og selskapsleiing av 14. oktober 2021 er lagt til grunn så langt som det er relevant for Tussa. I årsrapporten blir ein samla status for eigarstyring og selskapsleiing presentert. Innanfor nokre område er det avvik, og hovudårsaka til avvika er at morselskapet ikkje har børsnoterte aksjar og at selskapet har ein avgrensa aksjonærkrins. I årsrapporten er det også gitt eit kortfatta oversyn over styret sin kompetanse og deltaking i styremøte.

Styret

Morselskapet Tussa Kraft er leia av eit styre på 11 medlemmer, der dei tilsette har fire medlemmer. På generalforsamlinga i april 2025 vart Ann-Helen Korsfur Krøvel og Linn Therese Hansen Sævik valde som nye styremedlemmer. Egil Brækken og Sindre Rotevatn vart attvald.

31. desember 2025 hadde styret denne samansetjinga:

Leiar: Sindre Rotevatn

Nestleiar: Jorunn Skrede

Styremedlemmer:

Rune Hovde

Elisabet Lauvstad Haugen

Egil Brækken

Linn Therese Hansen Sævik

Ann Helen Korsfur Krøvel

Daniel Fjørtoft (tilsettrepresentant)

Sindre Svellingen (tilsettrepresentant)

Torgeir Bratteberg (tilsettrepresentant)

Olav-Arne Hustad Vinjevoll (tilsettrepresentant)

Styreansvarsforsikring

Det er teikna styreansvarsforsikring med forsikringssum på inntil 10 mill. kr per forsikringstilfelle og totalt i løpet av forsikringsperioden. Det er ingen eigendel. Tidlegare, noverande eller framtidige styremedlemmer, dagleg leiar og medlem av leiinga eller tilsvarande styreorgan i selskapet er å sjå på som sikra.

Personale

Tussa hadde 274 faste tilsette per 31. desember 2025. Inkludert vikarar, engasjementstillingar og lærlingar hadde konsernet 309 tilsette. Nyrekrutteringar gjer at gjennomsnittsalderen på faste tilsette i Tussa er redusert frå 45,4 i 2024 til 44 år i 2025.

HMS

Tussa har eit godt arbeidsmiljø. Det er i ei årrekke retta stor merksemd mot HMS-arbeidet, og det blir arbeidd systematisk med både fysisk - og psykososialt arbeidsmiljø. Alle medarbeidarar er tilknytt bedriftshelseteneste, som leverer tenester som er retta både mot individ og bedrift.

Sjukefråværet for konsernet var på 4,4 prosent, mot 4,7 prosent året før. Tett dialog mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar har vore viktig for å halde fråværet lågt. Tussa har eit sjukefråværssystem som gir god støtte til leiarane for å følgje opp sjukefråvær. Samtalar, tilrettelegging og utstrekkt bruk av gradert sjukmelding er hjelpemiddel i sjukefråværsarbeidet.

I 2025 vart det rapportert inn 12 saker i avvikssystemet som gjeld HMS. To skadar der medarbeidaren måtte til lege for behandling. Dei andre hendingane kravde ikkje medisinsk behandling og er difor registrerte under kategorien uønskte hendingar. Av desse 10 uønskte hendingane vart tre kategorisert som nestenulukker. Totalt hadde Tussa 73 fråværsdagar knytt til skadar i 2025, mot null fråværsdagar knytt til skadar i 2024.


Tussa har eit velfungerande bedrifts- og arbeidsmiljøutval (BAMU). Ut ifrå ei samla vurdering må Tussa kunne reknast som ein god og trygg arbeidsplass.



Nøkkeltal for HMS-tilstanden	2025	2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017
H1-verdi*	1,9	0	7,9	11,4	0	8,9	5,8	5,9	8,6
Registrerte arbeidsulukker	2	2	3	2	0	4	3	3	2
Fråvær som følgje av arbeidsulukker (dg)	73	0	14	25	0	137	15	79	35
Sjukefråvær (prosent)	4,4	4,7	3,3	4,3	3,8	4,3	4,7	4,4	4,5
Gjennomsnittsalder personale (år)	44	45,4	44,6	45	44,9	45,1	45,3	44,3	44,5

*H1=tal skadar/arbeidde timar x 1 million

Mikael Rovde og Surachai (Janko) Riyawong, elektrikarar i Tussa Installasjon



Marknadssjef Steinar Hauge, grafisk designer og marknadsrådgjevar Desiree Grønnevik og digital marknadsrådgjevar Benjamin Ulstein i Tussa IKT.

Likehandsaming

Tussa aksepterer ingen form for trakassering, diskriminering eller anna upassande framferd. Likehandsaming som prinsipp er forankra i verksemda sine styrande dokument og det er retningslinjer som skal sikre at medarbeidarar ikkje vert utsette for diskriminering.

Personalpolitikken er kjønnsnøytral og skal sikre likehandsaming både når det gjeld kjønn, funksjonsevne og etnisitet. Vidare skal tilbod om gode og liknande vere tilgjengelege for alle medarbeidarane i Tussa. Fleksible arbeidstidsordningar og permisjonsvilkår gjer at både kvinner og menn kan kombinere jobb og familie på ein god måte. For å overvake at retningslinjene vert etterlevd, vert det årleg gjennomført ei medarbeidarundersøking, der det blir undersøkt om medarbeidarar har sett eller opplevd mobbing, trakassering eller former for forskjellshandsaming. Det er også etablert rutinar for å varsle om kritikkverdige forhold.

Tussa arbeider for å sikre likehandsaming og hindre diskriminering.

I tråd med føringar frå styresmaktene har Tussa lagt vekt på arbeidet med å hindre diskriminering og fremje likestilling. Både energi-, elektro- og IKT-bransjen er sterkt dominerte av menn både på fagarbeidar- og ingeniørnivå, og det er få kvinnelege søkjarar til slike jobbar. Tussa har likevel kvinner på dei fleste nivåa i organisasjonen. I Tussa er 50 prosent av konsernleiinga kvinner. Samla sett er 13 prosent av dei faste tilsette kvinner.

Konsernet sitt styre består av fire kvinner og sju menn. Mellom dei aksjonærvalde medlemene er det fire kvinner og tre menn. Då det er meir enn 80 prosent menn tilsett i Tussa, gjeld ikkje kravet om kjønnsamansetning for dei fire tilsettereferentane.

Tussa arbeider aktivt, målretta og planmessig med å sikre likehandsaming og hindre diskriminering. Konsernet har valt ei felles tilnærming for alle selskapa, og saman med tillitsvalde har kjønnsbalansen innan ulike område blitt kartlagt:

Tal for likestilling i Tussa	Samla tal	Tal kvinner	Tal menn	Kvinnedel i prosent
Styreverv i Tussakonsernet	24	9	15	38
Konsernleiinga	6	3	3	50
Leiargruppene i dei ulike selskapa	20	4	16	20
Personalansvar	39	7	32	18
Tal lærlingar	24	3	21	13
Tal fast tilsette	274	36	238	13

Pr. 31. desember 2025	Fast tilsette			Kvinnedel %	Mellombels tilsette			Fast + mellombels			Kvinnedel %
	K	M	SUM		K	M	SUM	K	M	Samla	
Tussa Kraft	18	5	23	78 %	0	1	1	18	6	24	75 %
Tussa Energi	4	27	31	13 %	2	0	2	6	27	33	18 %
Tussa IKT	9	101	110	8 %	4	2	6	13	103	116	11 %
Tussa Installasjon	5	105	110	5 %	3	23	26	8	128	136	6 %
Konsern	36	238	274	13 %	9	26	35	45	264	309	15 %

K = kvinner, M = menn

Der er få deltidstilsette i Tussa, men kundesenteret har deltidstilsette som kombinerer arbeid med studiar. I tillegg har vi tilsette med redusert stillingsprosent grunna helse eller omsorgsoppgåver. Alle deltidsstillingane er frivillige.

	DELTID SARBEID			
	Faktisk deltid sarbeid		Ufrivillig deltid sarbeid	
FASTE TILSETTE	K	M	K	M
Tussa Kraft AS	1	0	0	0
Tussa Energi AS	0	1	0	0
Tussa IKT AS	3	2	0	0
Tussa Installasjon AS	1	5	0	0
Totalt	5	8	0	0

K = kvinner, M = menn

Tussa tilbyr konkurransedyktige vilkår, gode pensjons- og forsikringsordningar og føreseielege arbeidstilhøve. Alle tilsette har løn over minsteløn, og arbeidsvilkåra er forankra i gjeldande lov- og avtaleverk. Lønspolitikken er kjønnsnøytral og løna vert fastsett etter stillinga si

tyngde uavhengig av kven som har stillinga. Det vert gjennomført lokale tingingar kvar haust og i samband med dette vert det gjennomført analysar for å sikre at det ikkje er utilsikta lønsskilnader. Fagorganisasjonane får tilgang til lønslister over eigne medlemmer.

I samsvar med krava i aktivitets- og utgreiingsplikta (ARP) skal det leggast fram rapport om lønsskilnader i prosent minst annakvart år. Tussa vil greie ut om dette for 2026.

Med bakgrunn i risikovurdering, kartlegging og analyse av resultat, vert dei etablerte tiltaka vurderte som tilstrekkelege. Per no er det ikkje avdekt behov for ytterlegare tiltak.

Berekraft

Tussa produserer fornybar energi og bidreg såleis til det grøne skiftet. I tillegg driftar selskapet digital infrastruktur, tilbyr IT-tenester og har elektrofagleg kompetanse innanfor energireduserande tiltak.

I 2025 vart berekraftsarbeidet styrkt med ei stilling som berekraftstraine, og selskapet fekk difor ressursar til å starte på det omfattande arbeidet som skulle bli den første rapporteringa etter Corporate Sustainability Reporting Directive (CSRD). 25. februar 2025 kom meldinga frå EU-parlamentet om at berekraftsrapporteringa vart forenkla for føretak med færre enn tusen tilsette. Tussa vedtok difor å rapportere etter VSME-standarden (Voluntary Sustainability Reporting Standard) som er ein frivillig, forenkla standard for berekraftsrapportering retta mot små og mellomstore føretak som ikkje er rapporteringspliktige etter CSRD.

Tussa er ISO 14001-sertifisert og har ambisiøse miljømål. I januar vart styringssystemet innanfor miljøleing revidert av Nemko, og det vart ikkje funne avvik.

Tussa har dei siste åra utarbeidd klimarekneskap på konsernnivå. I 2025 valde vi å utarbeide klimarekneskap for kvart enkelt dotterselskap for tydelegare å sjå kva aktivitetar som har størst utslepp, og kvar vi må gjere omstillingar. Sidan vi inkluderte fleire kategoriar og innførte ny programvare for betre rapportering i 2025, vert 2024 basisår som seinare rekneskap vil bli målt mot.

I 2025 vart Tussa medlem i UN Global Compact, og fekk godkjent forpliktinga si om å setje vitskapsbaserte klimamål. I 2026 vil vi arbeide med å fastsetje klimamål som er i tråd med klimavitskapen og målet om å avgrense den globale oppvarminga til 1,5°C. Måla blir sendt til godkjenning i Science Based Targets initiative (SBTi), før vi deretter kan offentliggjere dei.

Openheitslova

Tussa skal etter openheitslova gjere greie for arbeidet med grunnleggjande menneskerettar og sømelege arbeidstilhøve. Fråsegna for 2025 vil vere tilgjengeleg www.tussa.no innan 30. juni 2026.

Årsresultat og disponeringar

Årsrekneskapa syner eit overskot for Tussakonsernet på 175,5 mill. kr, og 146,3 mill. kr for morselskapet.

Styret foreslår følgjande disponering av morselskapet sitt årsresultat:

Avsett til fond	109,6 mill. kr
Utbyte	76,2 mill. kr
Overført frå annan eigenkapital	-39,5 mill. kr
Totalt disponert årsresultat	146,3 mill. kr

Ørsta, 10. april 2026 i styret for Tussa Kraft

Sindre Rotevatn	Styreleiar
Ann Helen Korsfur Krøvel	Styremedlem
Jorunn Skrede	Nestleiar
Daniel Fjørtoft	Styremedlem
Rune Hovde	Styremedlem
Torgeir Bratteberg	Styremedlem
Elisabet Lauvstad Haugen	Styremedlem
Sindre Svellingen	Styremedlem
Egil Brækken	Styremedlem
Olav-Arne Hustad Vinjevoll	Styremedlem
Linn Therese Hansen Sævik	Styremedlem
Olav Osvoll	Konsernsjef



Svein Inge Juliebo, ingeniør i Tussa Installasjon.

Resultatrekneskap

Tal i 1000 kr

Morselskap			Konsern		
2025	2024	Note	2025	2024	
Driftsinntekter og driftskostnader					
3 342	4 412		633 153	525 327	
0	0	Energisal	2, 3	325 827	362 651
38 793	34 215	Anna driftsinntekt		4 359	3 329
42 135	38 626	Sum driftsinntekter	3, 4, 5	963 339	891 307
284	731	Varekostnad		194 681	156 256
0	0	Energikjøp og overføringskostnad		68 237	79 665
33 064	28 616	Lønskostnad	6, 7	285 947	242 443
774	652	Avskrivning	8, 9	153 436	134 820
0	0	Nedskrivning	8	894	272
21 200	20 477	Annan driftskostnad	5, 10, 11, 12	134 644	127 619
55 321	50 476	Sum driftskostnader		837 839	741 075
-13 186	-11 850	Driftsresultat		125 499	150 232
Finansinntekter og finanskostnader					
223 889	152 565	Anna finansinntekt	13, 14	166 025	80 979
0	0	Verdiendring finansielle instrument		-316	-5 087
0	0	Netto endring valutapostar		-1 259	-9 736
64 454	47 319	Annan finanskostnad	3, 13	63 919	45 036
159 435	105 246	Netto finans	3, 13, 14	100 531	21 120
146 249	93 396	Resultat før skattekostnad		226 031	171 352
-35	5 760	Skattekostnad dette året	15	50 576	63 125
146 284	87 636	Årsresultat		175 455	108 226
0	0	Minoriteten sin del		-419	-283
146 284	87 636	Majoritetens sin del		175 874	108 509
109 557	35 222	Avsett til fond		0	0
76 179	69 356	Avsett til utbyte		76 179	69 356
-39 452	-16 942	Overført frå/avsett til annan egenkapital		99 695	39 153
146 284	87 636	Sum disponert	16, 17	175 874	108 509

Balanse

Tal i 1000 kr

Morselskap			Konsern		
2025	2024	Note	2025	2024	
EIGEDLAR					
Anleggsmiddel					
Immaterielle egedelar					
1 103	1 648	Vassdragsrettar, varemerke, m.m.	9	143 997	144 308
0	0	Goodwill	9	84 806	55 098
1 103	1 648	Sum immaterielle egedelar		228 803	199 407
Varige driftsmiddel					
10 592	10 332	Tomter, bygningar og anna fast eigedom	8	184 284	148 656
0	0	Kraftproduksjonsanlegg	8	995 747	1 020 773
0	0	Nettanlegg	8	606 689	601 478
0	0	Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr	8	120 218	108 512
0	0	Anlegg under arbeid	8	139 454	95 531
10 592	10 332	Sum varige driftsmiddel		2 046 391	1 974 948
Finansielle anleggsmiddel					
1 156 388	1 127 025	Investeringar i dotterselskap	14	0	0
566 092	561 292	Lån til føretak i same konsern	18, 19	0	0
1 229 050	1 122 533	Investeringar i tilknytte selskap	14, 20	1 229 050	1 122 533
957	22 802	Investeringar i aksjar og partar	20	17 385	38 738
2 924	681	Andre langsiktige krav	18, 20	6 958	8 903
1 554	1 703	Pensjonsmidlar	7	5 850	4 230
2 956 964	2 836 037	Sum finansielle anleggsmiddel		1 259 242	1 174 405
2 968 659	2 848 017	Sum anleggsmiddel		3 534 436	3 348 760

Balanse, framhald

Tal i 1 000 kr

Morselskap			Konsern		
2025	2024	Note	2025	2024	
Omløpsmiddel					
0	0	Varer	13 475	12 533	21
Krav					
2 646	1 435	Kundekrav	75 857	58 622	19
0	0	Opptent, ikkje fakturert inntekt	18 700	26 511	22
65 322	44 039	Krav mot konsernselskap	0	0	19
1 590	1 514	Andre kortsiktige krav	27 442	27 551	19
69 557	46 987	Sum krav	122 000	112 684	
EIGENKAPITAL OG GJELD					
Innskoten egenkapital					
34 970	34 970	Aksjekapital	34 970	34 970	24
780 833	780 833	Overkurs	780 833	780 833	
119 282	119 282	Annan innskoten egenkapital	119 282	119 282	
935 085	935 085	Sum innskoten egenkapital	935 085	935 085	
Opptent egenkapital					
577 421	467 864	Fond	0	0	
221 116	276 850	Annan egenkapital	934 432	847 540	
798 537	744 714	Sum opptent egenkapital	934 432	847 540	
0	0	Minoriteten sin del	39 633	38 847	
1 733 623	1 679 799	Sum egenkapital	1 909 150	1 821 472	16, 17

Balanse, framhald

Tal i 1 000 kr

Morselskap			Konsern		
2025	2024	Note	2025	2024	
GJELD					
Avsetnad til plikter					
101	511	Pensjonsplikter	2 198	2 467	7
559	594	Utsett skatt	127 483	121 578	15
7 276	11 959	Andre avsetnader for plikter	31 813	40 922	
7 936	13 064	Sum avsetjing for plikter	161 494	164 967	
Anna langsiktig gjeld					
1 105 000	1 045 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	1 379 675	1 322 445	18, 19, 25
100 113	100 113	Gjeld til selskap i same konsern	0	0	18
0	0	Anna langsiktig gjeld	995	995	
1 205 113	1 145 113	Sum anna langsiktig gjeld	1 380 670	1 323 440	
Kortsiktig gjeld					
1 683	3 208	Leverandørgjeld	51 449	35 284	19
0	1 784	Betalbar skatt	46 806	60 696	15
3 031	3 102	Skuldige offentlege avgifter	55 300	40 973	
76 179	69 356	Utbyte	76 179	69 758	
46 716	48 763	Gjeld til føretak i same konsern	0	0	19
7 789	5 717	Anna kortsiktig gjeld	75 158	65 506	19, 25
135 399	131 931	Sum kortsiktig gjeld	304 892	272 217	
1 348 448	1 290 107	Sum gjeld	1 847 055	1 760 625	
3 082 070	2 969 906	Sum egenkapital og gjeld	3 756 205	3 582 097	

Verdi av konsernet

27. januar 2023 vedtok generalforsamlinga fusjon mellom Tussa Kraft og Stranda Energi Holding. Det økonomiske grunnlaget for fusjonen og byteforholdet var basert på ei verddivurdering utarbeidd av Amperefinans ved Ragnar Nesdal. Eigenkapitalen i konsernet vart etter fusjonen verdsett til om lag 4,3 mrd. kr. Transaksjonen mellom Herøy kommune og KLP i 2024 viser at denne verdsettinga står seg også for 2025.

Notar

Innhald notar

Note 1.	Rekneskapsprinsipp	s 26
Note 2.	Kraftomsetning	s 29
Note 3.	Risikostyring.....	s 29
Note 4.	Nøkkeltal på forretningsområde	s 30
Note 5.	Nærstående partar	s 30
Note 6.	Lønskostnader, tal tilsette, godtgjeringar, lån tilsette, m.m.	s 31
Note 7.	Pensjonar	s 32
Note 8.	Varige driftsmidlar	s 34
Note 9.	Immaterielle eigedelar	s 35
Note 10.	Andre driftskostnader	s 36
Note 11.	Avgifter og erstatningar	s 36
Note 12.	Tap på krav	s 36
Note 13.	Postar som er samanslegne i reknesk.	s 37

Note 14.	Dotterselskap, felleskontrollert verksemd og tilknytte selskap	s 38
Note 15.	Skatt	s 39
Note 16.	Eigenkapital	s 43
Note 17.	Utbyte.....	s 43
Note 18.	Fordringar og gjeld	s 43
Note 19.	Mellomverande med selskap i same konsern	s 44
Note 20.	Andre aksjar og langsiktige fordringar ...	s 44
Note 21.	Varelager	s 45
Note 22.	Langsiktige tilverknadskontraktar	s 45
Note 23.	Bankinnskot	s 45
Note 24.	Aksjekapital og aksjonærinformasjon	s 46
Note 25.	Gjeld	s 47

Note 1. Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Rekneskapsprinsipp for aksjar i dotterselskap, felleskontrollerte og tilknytte selskap

Dotterselskap vert rekneskapsført etter kostmetoden i selskapsrekneskapen. Etter kostmetoden vert investeringa vurdert til kostpris. Dersom det er indikasjonar på verdifall, skal det vurderast om investeringa skal nedskrivast. Nedskrivning vert reversert når grunnlaget for nedskrivning ikkje lenger er tilstades.

Felleskontrollerte og tilknytte selskap vert rekneskapsførte etter eigenkapitalmetoden både i selskaps- og konsernrekneskapen. Etter eigenkapitalmetoden vert investeringa ved balanseføring vurdert til kostpris. I etterfølgande periodar vert investeringa vurdert til andelen av eigenkapitalen i selskapet, justert for meirverdiar. Resultatdelen av investeringa vert resultatført som finansinntekt, justert for avskrivning av meirverdiar, ulike rekneskapsprinsipp for pensjon og interne transaksjonar. Utbetalt utbyte går til frådrag i balanseført verdi. Differansen mellom kostpris og verdi etter eigenkapitalmetoden vert i eigenkapitalnoten i selskapsrekneskapen presentert som fond.

Konsolideringsprinsipp

I konsernrekneskapen er posten aksjar i dotterselskap erstatta med dotterselskapet sine eigedelar og gjeld. Konsernrekneskapen er utarbeidd som om konsernet var ei økonomisk eining. Transaksjonar og mellomverande mellom selskapa i konsernet er eliminerte.

Kjøpte dotterselskap er rekneskapsført i konsernrekneskapen med utgangspunkt i morselskapet sin kostpris.

Kostprisen er tilordna identifiserbare eigedelar og gjeld i dotterselskapet, som er førte opp i konsernrekneskapen til verkeleg verdi på kjøpstidspunktet. Eventuelle meirverdiar ut over det som kan førast til identifiserbare eigedelar og gjeld, er balanseført som goodwill. Goodwill er handsama som ein rest og er balanseført med den delen som er observert i oppkjøpstransaksjonen. Det blir også balanseført goodwill som er knytt til diskonteringseffekt på utsett skatt ved oppkjøp. Han blir avskriven over same periode som dei underliggjande driftsmidlane si forventa levetid.

Meir- (mindre-) verdiar i konsernrekneskapen vert avskrivne (inntektsførte) over dei oppkjøpte eigedelane si forventa levetid.

Konsernrekneskapen er utarbeidd etter einsarta prinsipp, ved at dotterselskapa og felleskontrollerte verksemdar følgjer dei same rekneskapsprinsippa som morselskapet.

Bruk av estimat

Leiinga har nytta estimat og føresetnader som har påverka resultatrekneskapen og verdsetjinga av eigedelar og gjeld, og usikre eigedelar og forpliktingar på balansedagen, under utarbeidinga av årsrekneskapen i samsvar med god rekneskapsskikk.

Salsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet (transaksjonstidspunktet). Inntektsføring av tenester skjer etter kvart som tenesta vert levert.

Kraftproduksjonen har fått godkjende elsertifikat baserte på produksjonen i 17 kraftverk og opphavsgarantiar baserte på produksjonen i alle kraftverk. Inntekta frå elsertifikat og opphavsgarantiar er bokførte på oppteningstidspunktet, dvs. produksjonsperioden.

Opptente, ikkje fakturerte elsertifikat og opphavsgarantiar er verdsette til marknadspris.

Ved fysisk og finansiell handel med kraft, som er gjort opp med marginoppgjør, er gevinst eller tap på handelen bokført med nettobeløpet.

For installasjonsverksemda vert inntektsføring ved sal av varer gjort på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsførte etter kvart som dei vert leverte. Inntekter frå sal av tenester og langsiktige tilverkingsprosjekt (anleggskontraktar) vert resultatførte i takt med fullføringsgraden i prosjektet, når ein kan estimere utfallet av transaksjonen på ein påliteleg måte. Når utfallet av transaksjonen ikkje kan estimerast påliteleg, vil berre inntekter som svarar til oppsamla prosjektkostnader, bli inntektsførte. I den perioden det vert identifisert at eit prosjekt vil gi eit negativt resultat, vil heile det estimerte tapet på kontrakten bli resultatført.

Klassifisering og generelle reglar for vurdering av balansepostar

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som er knytte til varekretsløpet. For andre postar enn kundefordringar omfattast postar som forfell til betaling innan eitt år etter transaksjonsdagen. Anleggsmiddel er eigedelar bestemte til varig eige og bruk. Langsiktig gjeld er gjeld som forfell seinare enn eitt år etter transaksjonsdagen.

Omløpsmiddel skal vurderast til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld skal balanseførast til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris. Varige anleggsmiddel vert avskrive etter ein fornuftig avskrivingsplan, og nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forventa å vere forbigåande. Langsiktig gjeld, med unntak av andre avsetningar, vert balanseførte til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Langsiktig gjeld i utanlandsk valuta vert balanseført til dagskurs på balansedagen.

Immaterielle eigedelar og goodwill

Goodwill har oppstått i samband med kjøp av dotterselskap. Goodwill vert avskrive over forventa levetid.

Fallrettar som ikkje er evigvarande vert avskrivne over leigetida si lengd.

Softwarekostnader klassifisert som immateriell eigedel vert aktiverte og avskrivne over forventa levetid for systemet.

Andre softwarekostnader vert enten kostnadsførte direkte eller periodisert over avtaleperioden etter individuell vurdering.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert aktiverte og avskrivne over driftsmiddelet si venta økonomiske levetid, dersom det har venta levetid over tre år og kostpris over 30 000 kr. Vedlikehald av driftsmidlar er kostnadsført under driftskostnader, medan påkostingar eller forbetringar er lagt til driftsmiddelet sin kostpris og avskrive i takt med driftsmiddelet. Ved verdifall som ikkje er forventa å vere forbigåande, vert driftsmiddelet nedskrive til verkeleg verdi. Anleggsbidrag er ført brutto i anleggsregisteret, og inntektsført i takt med avskrivninga på anleggsmiddelet som det er kravd anleggsbidrag for.

Leigde (leasa) driftsmidlar vert førte i balansen som driftsmidlar dersom leigekontrakten vert sett på som finansiell.

Nedskrivning av anleggsmidlar

Ved indikasjon på at balanseført verdi av eit anleggsmiddel er høgare enn verkeleg verdi, vert det testa for verdifall. Testen vert gjort for det lågaste nivå av anleggsmiddel som har sjølvstendige kontantstraumar, med unntak av kraftomsetningsverksemda, som vert vurdert samla. Dersom balanseført verdi er høgare enn både salsverdi og bruksverdi (noverdi ved framleis bruk/eige), vert det gjort ei nedskrivning til den høgaste av salsverdi og bruksverdi.

Andre anleggsaksjar

Andre anleggsaksjar er vurderte til lågaste av historisk kostpris og verkeleg verdi.

Vassmagasin

I samsvar med etablert praksis i bransjen, er magasinlagera ikkje oppførte i balansen.

Varer

Varer er vurderte til det lågaste av innkjøpskostnad og netto salsverdi. Netto salsverdi er estimert salspris ved ordinær drift etter frådrag for utrekna naudsynte utgifter for gjennomføring av salet. Innkjøpskostnad baserer seg på gjennomsnittskostnaden av varekjøpa.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap.

Avsetning til tap er gjort på grunnlag av både generelle og individuelle vurderingar av fordringsmassen. For sluttbrukarkundefordringane er det avsett eit estimat basert på erfaringstal for tap.

Marknadsbaserte investeringar

Marknadsbaserte investeringar er vurderte til verkeleg verdi på balansedagen.

Usikre forpliktingar

Usikre forpliktingar er rekneskapsførte dersom det er meir sannsynleg at dei kjem til oppgjer, enn at dei ikkje kjem til oppgjer. Beste estimat er nytta ved utrekning av oppgjersverdi.

Pensjonar

Ytingsbaserte pensjonsordningar blir vurderte til noverdien av framtidige pensjonsytingar som rekneskapsmessig er opptente på balansedagen. Pensjonsmidlar blir vurderte til verkeleg verdi.

Endring i ytingsbaserte pensjonsforpliktingar som skuldast endringar i pensjonsplanar, blir fordelte over berekna gjennomsnittleg attståande oppteningstid. Ordningane blir bokførte i samsvar med NRS 6.

Perioden sin netto pensjonskostnad blir klassifisert som løns- og personalkostnad.

Innskotsbasert pensjonsordning blir handtert i samsvar med lov om obligatorisk tenestepensjon.

Konsernkontoordning

Tussa Kraft AS inngår i konsernkontoordning saman med dotterselskapa. Innskotskonti og lånekonto er summert opp mot ein toppkonto som til ei kvar tid syner mellomverande mot banken. Til toppkontoen knyter det seg ein kassakreditt på 100 mill. kr. Rentekostnader til banken av negativ saldo på toppkontoen er klassifiserte som eksterne rentekostnader i morselskapet og konsernet. Renteinntekter eller rentekostnader knytt til underkonti i konsernkontoordninga er klassifiserte som interne renteinntekter og interne rentekostnader i resultatrekneskapen til dei einskilde selskapa, og eliminerte i konsernet. Konsernkontoordninga er presentert netto i rekneskapen.

SKATTAR

Skatt på allmenn inntekt

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både betalbar skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt utgjer 22 % av mellombelse skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, og skattemessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteaukande

og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer eller kan reversere i same periode, er utlikna. Netto utsett skattefordel vert balanseført i den grad det er sannsynleg at han kan bli nyttegjort. Utsett skatt og utsett skattefordel på allmenn inntekt, som kan balanseførast, er ført netto i balansen.

Naturressursskatt

For kraftverk med påstempla merkeyting på generator på 10 000 kVA eller meir skal det svarast naturressursskatt.

Naturressursskatten vert utrekna for det enkelte kraftverk, og utgjer 1,34 øre/kWh basert på gjennomsnittleg produksjon dei siste 7 åra. Naturressursskatten vert avrekna mot ordinær inntektsskatt til staten.

Grunnrenteskatt

Kraftproduksjonen er også pålagt ein særskilt grunnrenteskatt. Grunnrenteskatten vert utrekna for kraftverk med merkeyting på generator på 10 000 kVA eller meir, og utgjer no 57,7 % av normert resultat utover utrekna friinntekt. Negativ grunnrenteinntekt kan framførast og motreknast mot seinare positiv grunnrenteinntekt i same kraftverk. Negativ grunnrenteinntekt i eit kraftverk kan motreknast mot positiv grunnrenteinntekt opptent i eit anna kraftverk i same selskap eller konsern.

Betalbar grunnrenteskatt for kraftverk med netto positiv grunnrenteinntekt vert bokført som skattekostnad.

Det gjer også endring i utsett skatt på grunnrente.

Vi viser elles til skattenoten der det er utarbeidd ein spesifikasjon av grunnrenteskatten i året.

FINANSIELLE INSTRUMENT

I rekneskapen er finansielle derivat handsama i samsvar med intensjonen i avtalane.

Det er ikkje sikringsforretningar eller tradingsposisjonar per 31. desember 2024 og 31. desember 2025.

Renteinstrument

Renteinstrument vert sikringsbokført dersom grunnlaget for slik bokføring er til stades. Om ikkje vert renteinstrumenta bokført til marknadsverdi på balansedato.

Finansielle kraftkontraktar

Tussa Energi AS har nytta finansielle kjøps- og salskontraktar mellom anna for å prissikre delar av kraftproduksjonen. Tap og gevinst på dei finansielle kontraktane vart utrekna som differansen mellom kontraktpris og systempris. Realiserte tap/gevinstar på futureskontraktar resultatførast i leveringsperioden.

Selskapet har ein sikringsstrategi for å redusere prisisikoen som seier at inntil 10 % av normalproduksjonen kan

sikrast. Siste åra har det derimot ikkje vore nokon reelle sikringsinstrument i marknaden, og det vart derfor ikkje gjort sikringar av produksjonen i 2024 eller 2025.

Tussa Energi AS har i tillegg hatt ein eigen portefølje med finansielle kontraktar som er inngått med utgangspunkt i å tene på prissingingar, altså trading. Både realiserte og urealiserte tap og gevinstar knytt til tradingporteføljen vert resultatført. Det er utarbeidd risikodokument som set rammer for den finansielle handelen og grense for risikoeksponeringa. Selskapet hadde ingen tradingposisjonar per 31.12.2024 eller 31.12.2025.

Valuta

Pengepostar og gjeld i utanlandsk valuta er vurderte etter kursen på balansedagen.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden.

Note 2. Kraftomsetning

Tussa Energi AS har ansvaret for å forvalte eigenproduksjonen i Tussa Energi AS, Sunnmøre Energi AS og Innvik Kraftverk AS, og fysisk og finansiell handel for eige selskap. I tillegg har selskapet fysiske kjøpskontraktar med lokale småkraftverk.

Det er i året kostnadsført økonomisk kompensasjon for konsesjonskraft med 1 547 000 kr.

Produksjon og magasintilhøve	2025	2024
Produksjon i GWh	867,1	745,9
Produksjon i høve til normal	107 %	92 %
Magasinbeholdning i GWh pr. 31.12.	224,0	301,0

Note 3. Risikostyring

Marknadsrisiko

Hovudverksemda i konsernet som det er knytt spesiell marknadsrisiko til er kraftproduksjon og krafthandel. Marknaden har eit stort innslag av vasskraft, og tilgang på vatn kan variere mykje frå år til år. Dette gir seg utslag på både kraftprisar og produksjonsmengd, og kan få store utslag på resultatet. Selskapet har ein sikringsstrategi for å redusere prisisikoen, som seier at inntil 10 prosent av normalproduksjonen kan sikrast. Siste åra har det derimot vore liten tilgang på reelle sikringsinstrument i marknaden, og det vart difor ikkje gjort sikringar av produksjonen i 2025.

Valutarisiko

Tussa sin kraftproduksjon vert seld gjennom Nord Pool i prisoområdet NO3. Kraftprisen vert fastsett i euro. Selskapet har euro som oppgjersvaluta med fortløpande veksling til NOK. Prisdanninga i den skandinaviske straummarknaden vert påverka av fleire valutaer, der euro er den mest sentrale.

Dette inneber at verdien av framtidig kraftproduksjon vert påverka av framtidige valutakursar euro/NOK. For å redusere verdiendringar i framtidig kraftproduksjon som skuldast endringar i valutakursen, har Tussa delar av finansieringa si i euro.

Tussa hadde 31. desember 2025 eit valutalån på 20 mill. euro med forfall 31. mars 2027. Lånet har kvartalsvise rentebetalingar.

Det er også inngått ein rente- og valutaswap pålydande 10 mill. euro med forfall 15. november 2027. Instrumentet har kvartalsvise kontantstraumar der Tussa betalar EURIBOR- og mottek NIBOR-rente.

Instrumenta som er omtalte over inngår ikkje i rekneskapsmessig sikring.

Renterisiko

Konsernet er ein betydeleg låntakar, og skal difor redusere eksponeringa si mot marknadsrenter gjennom rentesikring.

Rentebyteavtalar kan nyttast for rentesikring. Konsernet skal ivareta ei løpande sikringsgrad på 30-50 prosent (av uteståande gjeld), med eit langsiktig mål om 50 prosent. Rentebindingstida skal spegle løpetida på uteståande lån. Styringsmålet er p.t. 2 til 5 år.

Pr. 31. desember 2025 er rentesikringsgraden for konsernet 48,2 prosent, og gjennomsnittleg rentebindingstid 2 år og 7 månader.

(Lån og rentesikringsavtale i Innvik Kraftverk AS er ikkje med i utrekninga av gjennomsnittleg rentebindingstid.)

Kredittrisiko

Risiko for at motparten ikkje har økonomisk evne til å oppfylle pliktene sine er å sjå på som låg, og det har historisk vore lite tap på fordringar.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko oppstår dersom det ikkje er samsvar mellom kontantstraumane frå verksemda og finansielle forpliktingar.

Kontantstraumen frå krafthandel vil variere mellom anna i forhold til prisnivået i marknaden. Konsernet har ei kassakredittramme på 100 mill. kr, og sikrar gjennom denne naudsynt likviditet. Pr. 31. desember 2025 var kassekreditten ikkje nytta.

Note 4. Nøkkeltal for forretningsområda

Tal i 1 000 kr

Nøkkeltal pr. forretningsområde er med på å gi brukaren av rekneskapen oversikt over kva område konsernet er engasjert i, for slik å kunne vurdere avkastninga til konsernet. I Tussa er dei ulike forretningsområda organisert som egne juridiske einingar. Driftsinntektene er ikkje eliminerte for konsernomsetning.

Forretningsområde	Driftsinntekter		Av/nedskrivingar		Driftsresultat	
	2025	2024	2025	2024	2025	2024
Kraftproduksjon og krafthandel	382 301	427 852	53 756	50 548	92 867	121 500
Informasjons- og kommunikasjonsteknologi	402 199	318 287	81 351	67 056	45 030	40 711
Elektrisk installasjon	255 449	218 649	7 761	5 711	11 477	8 392
Konsern	963 339	891 307	154 330	135 092	125 499	150 232

Forretningsområde	Eigenkapital		Totalkapital		Soliditet	
	2025	2024	2025	2024	2025	2024
Produksjon og krafthandel	792 249	752 170	1 372 874	1 338 444	58 %	56 %
Informasjons- og kommunikasjonsteknologi	288 894	267 529	787 968	736 628	37 %	36 %
Elektrisk installasjon	61 883	55 732	220 377	199 753	28 %	28 %
Konsern	1 909 150	1 821 472	3 756 205	3 582 097	51 %	51 %

Note 5. Nærstående partar

(Tal i 1000 kr)

Selskapet sine transaksjonar med nærstående partar:	2025	2024
a) Sal av varer og tenester		
Morselskap		
Konsernselskap	38 504	33 984
Linja AS	2 951	4 184
Wattn AS	264	364
Sum sal av varer og tenester morselskap	41 719	38 532

b) Kjøp av varer og tenester

Selskapet sine transaksjonar med nærstående partar:	2025	2024
b) Kjøp av varer og tenester		
Morselskap		
Konsernselskap	5 596	5 397
Linja AS	65	0
Wattn AS	51	500
Sum kjøp av varer og tenester morselskap	5 712	5 897

Note 6. Lønskostnader, tal tilsette, godtgjeringar, lån tilsette mm.

Tal i 1 000 kr

Lønskostnader	Morselskap		Konsern	
	2025	2024	2025	2024
Løn	21 730	20 170	245 898	203 227
Aktiverte timar egne investeringar	-	-	-27 185	-16 923
Arbeidsgjevaravgift	3 442	3 870	37 400	31 895
Pensjonskostnader	1 624	336	14 924	14 353
Andre personalkostnader	4 998	2 898	13 522	8 436
Sum	31 793	27 274	284 559	240 989

Styrehonorar	1 271	1 342	1 388	1 454
Løns- og personalkostnader (inkl. styrehonorar)	33 064	28 616	285 947	242 443
Tal sysselsette årsverk	24	22	319	286

Ytingar til leiande personar	Mor og dotterselskap:	Løn	Pensjon	Bonus	Anna godtgjering
Olav Osvoll	Tussa Kraft AS	2 346	149	-	10
Ivar Driveklepp	Tussa IKT AS	1 894	262	-	12
Roar Stenersen	Tussa Installasjon AS	2 067	120	-	18

Det er ikkje gitt lån eller sikkerheit til konsernsjef, styremedlemer eller andre nærstående partar. Styret har ikkje avtalar om anna vederlag enn styrehonorar.

Ein av direktørane har personleg pensjonsavtale med arbeidsgjevar for pensjon av løn utover 8,1G.

To direktørar har personleg pensjonsavtale med arbeidsgjevar for løn utover 12G.

Utover dette har verken direktørane eller styreleiar avtalar som forpliktar selskapet ved opphøyr eller endring av tilsetjingshøve eller verv.

Note 7. Pensjonar

Tal i 1 000 kr

Innskotsbasert pensjonsordning:

Alle selskapa i konsernet har innskotsbasert pensjonsordning for sine tilsette med innskotsplan på 6 prosent for løner opp til 7,1G (G=grunnbeløpet i Folketrygda) og 18 prosent for løner mellom 7,1 og 12G.

Unntak gjeld for Tussa Installasjon AS, der innskotsplan på 5 prosent gjeld for løner opp til 12G.

Totalt har ordningane i Tussa 320 (287 i 2024) medlemmer, av desse er 24 medlemmer i morselskapet.

Selskapa Sunnmøre Energi AS, Ose & Aarseth AS, Tussa Småkraft AS, Kvalsvik Elektro AS og Elektrotunet AS har ingen tilsette og følgjeleg heller ingen pensjonsordningar.

Selskapet og konsernet si pensjonsordning stettar krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

I tillegg til den kollektive pensjonsordninga, er det for 10 tilsette inngått personleg avtale om supplerande innskotspensjon.

Midlar og plikter knytt til desse ordningane er klassifiserte som pensjonsmidlar og pensjonsforplikting.

Sikra ytingsbasert ordning:

Selskapa Tussa Kraft AS og Tussa Energi AS hadde sikra ytingsbasert pensjonsordning fram til 30. juni 2011.

Avtalane er terminerte med friplise for alle tilsette og oppsett rett for alle pensjonistar.

Usikra ordning (AFP):

Selskapa Tussa Kraft AS og Tussa Energi AS har hatt usikra AFP-ordning i DNB. Desse er avslutta.

Den nye AFP-ordninga, som gjeld frå 1. januar 2011, er å sjå på som ei ytingsbasert fleirforetaksordning, men vert rekneskapsført som ei innskotsordning fram til det ligg føre påliteleg og tilstrekkeleg informasjon, slik at konsernet kan rekneskapsføre den proporsjonale delen sin av pensjonskostnad, pensjonsforplikting og pensjonsmidlar. Selskapet si pensjonsforplikting er dermed ikkje balanseført som gjeld.

TUSSA KRAFT AS - MORSELSKAP:

Netto pensjonskostnad	2025			2024		
	KLP	Sikra (DNB)	Sum	KLP	Sikra (DNB)	Sum
Noverdi av pensjonsopptening i året	196		196	138		138
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	726	339	1065	642	291	933
Avkasting på pensjonsmidlar	-1308	-420	-1728	-1133	-435	-1568
Resultatført aktuarielt tap/(gevinst) og planendring	-709	250	-459	0	1 070	1070
Adm.kostnader	40	128	168	31	127	157
Arbeidsgjevaravgift	-37	7	-30	-34	-2	-37
Netto pensjonskostnad morselskap	-1 092	304	-788	-356	1 050	694

Netto pensjonsmidlar	2025			2024		
	KLP	Sikra (DNB)	Sum sikra	KLP	Sikra (DNB)	Sum sikra
Opptent pensjonsforplikting 31.12.	-19 243	-8 604	-27 847	-18 968	-9 164	-29 207
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi) 31.12.	23 048	8 421	31 469	22 802	9 008	31 292
Arbeidsgjevaravgift	403	-25	378	406	-22	215
Estimerte netto pensjonsmidlar (forplikting) inkl. aga	4 208	-208	4 000	4 241	-179	2 300
Ikkje res.ført verknad av est. avvik/planendr.		0	0		0	0
Ikkje resultatført aktuarielt tap (gevinst)	-3 275	943	-2 333	-3 255	1 022	-1 114
Ikkje resultatført aktuarielt gevinst (tap) aga	-347		-347	-345		-226
Estimatavvik aga		133	133	-525	144	144
Netto pensjonsmidlar (+) / -forplikting (-)	586	867	1 453	116	987	1 104

Ordningane omfattar to yrkesaktive, sju med oppsette rettar og 22 pensjonistar.

Note 7. Pensjonar - framhald

Tal i 1 000 kr

KONSERN:	2025		2024	
	Sikra	Sum	Sikra	Sum
Netto pensjonskostnad 31.12.				
Noverdi av pensjonsopptening i året	397	397	671	671
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	2 032	2 032	1 783	1 783
Avkasting på pensjonsmidlar	-3 262	-3 262	-2 775	-2 775
Resultatførte planavvik/estimatendringar	(568)	-568	(34)	(34)
Resultatført aktuarielt tap (gevinst)	160	160	1 701	1 701
Arbeidsgjevaravgift og adm. kostnader	270	270	305	305
Oppgjør	(525)	-525	-	-
Netto pensjonskostnad konsern	-1 496	-1 496	1 651	1 651

Netto pensjonsmidlar (forplikting)	Sikra	Sikra
	2025	2024
Opptent pensjonsforplikting 31.12.	52 957	50 657
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi) 31.12.	-55 861	-54 506
Estimerte netto pensjonsmidlar (forplikting)	-2 904	-3 849
Ikkje resultatført aktuarielt gevinst (tap)	6 612	4 951
Arbeidsgjevaravgift	-56	162
Omklassifisering	0	500
Netto pensjonsmidlar	3 652	1 763

Sikra ordningar omfattar fire aktive, 13 med oppsette rettar, og 34 pensjonistar i konsernet

Økonomiske føresetnader pensjon DNB:	2025	2024
Diskonteringsrente	3,90 %	3,90 %
Venta avkasting pensjonsmidlar	5,60 %	5,30 %
Lønsvekst	4,00 %	4,00 %
G-regulering	3,75 %	3,75 %
Pensjonsregulering	3,75 %	3,75 %

Økonomiske føresetnader pensjon KLP:	2025	2024
Diskonteringsrente	3,90 %	3,90 %
Venta avkastning pensjonsmidlar	6,20 %	5,90 %
Lønsvekst	4,00 %	4,00 %
G-regulering	3,75 %	3,75 %
Pensjonsregulering	2,75 %	3,00 %

Note 8. Varige driftsmidler

Tal i 1 000 kr

MORSELSKAP

Varige driftsmidler	Bygninger og anna eiendom	Inventar utstyr	Sum
Kostpris 01.01.	10 826	60	10 886
Tilgang driftsmidler	488	0	488
Avgang driftsmidler		0	
Kostpris 31.12.	11 314	60	11 374
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	722	60	782
Akkumulerte nedskrivningar 31.12.			
Balansført verdi 31.12.	10 592	0	10 592
Avskrivningar i året	229	0	229
Nedskrivningar i året			
Økonomisk levetid (år)	20 - evig	3 - 15	

Per 31. desember er det bokført 0,0 mill. kr som anlegg under utføring i morselskapet. Anlegg vert aktivert etter kvart som dei vert sett i drift.

KONSERN

Varige driftsmidler	Transport, inventar, utstyr	Kraftproduksj. anlegg	Nettanlegg	Bygninger og annan eiendom	Sum
Kostpris 01.01.	358 258	1 884 296	893 677	231 423	3 367 654
Tilgang kjøpte driftsmidler	42 099	24 157	50 110	42 261	158 627
Tilgang ved oppkjøp	7 879	0	1 250	0	9 129
Avgang selde driftsmidler	-2 036	-331	0	0	-2 367
Kostpris 31.12.	406 199	1 908 122	945 037	273 685	3 533 043
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	284 376	881 413	335 193	83 195	1 584 177
Akkumulerte nedskrivningar 31.12.	1 606	30 962	3 155	6 206	41 928
Reverserte nedskrivningar 31.12.		0	0	0	0
Balansført verdi 31.12.	120 218	995 747	606 689	184 284	1 906 938
Avskrivningar i året	34 180	48 993	44 821	6 633	134 628
Nedskrivningar i året	534	0	361	0	894
Økonomisk levetid (år)	3 - 15	25 - 75	25 - 50	20 - 50	

Per 31.12. er det i tillegg bokført 139,5 mill. kr som anlegg under utføring. Anlegg vert aktivert etter kvart som dei vert sett i drift.

Note 9. Immaterielle eiendelar

Tal i 1 000 kr

Morselskap	Lisensar m.m	Sum
Kostpris 31.12.	4 355	4 355
Tilgang kjøpte immaterielle eiendelar	0	0
Omklassifisering	0	0
Avgang selde immaterielle eiendelar	0	0
Kostpris 31.12.	4 355	4 355
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	3 252	3 252
Akkumulerte nedskrivningar 31.12.	0	0
Reverserte nedskrivningar 31.12.		
Balansført verdi 31.12.	1 103	1 103
Avskrivningar i året	545	545
Nedskrivningar i året	0	0
Økonomisk levetid (år)	3-5 år	

Konsern	Goodwill	Lisensar og varekontr.	Vassdrags-rettar	Sum
Kostpris 31.12.	71 805	34 970	130 222	236 997
Tilgang kjøpte immaterielle eiendelar	41 263	11 100	0	52 363
Tilgang ved oppkjøp	-	0	0	0
Omklassifisering	-	0	0	0
Avgang/utrangering immaterielle eiendelar		1 323	3 926	-5 249
Kostpris 31.12.	113 068	44 746	126 297	284 111
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	28 262	25 777	599	54 637
Akkumulerte nedskrivningar 31.12.	0	671	0	671
Reverserte nedskrivningar 31.12.				0
Balansført verdi 31.12.	84 806	18 299	125 698	228 803
Avskrivningar i året	11 555	7 199	54	18 808
Nedskrivningar i året	0	0	0	0
Økonomisk levetid (år)		10 år	3 - 5 år	Evig

Goodwill

Goodwill har oppstått i samband med kjøp av verksemdar. Avskrivning av goodwill skjer lineært over forventa økonomisk levetid, og avskrivningstida er sett til 10 år då vi

ser på alle kjøpa som langsiktige satsingar innanfor Tussa sine kjerneområde.

Vassdragsrettar/konsesjonar

Vassdragsrettar/konsesjonar er knytte til kraftverka i Tussa Energi AS og Innvik Kraftverk AS.

Tussa har ein kombinasjon av leigde og eigde vassdragsrettar knytte til selskapet sine 29 kraftverk. Målt i GWh eig Tussa 58 prosent av rettane og leiger resterande 42 prosent.

Vassdragsrettane er vurderte som evigvarande og blir difor ikkje avskrivne. Dei leigde fallrettane fordeler seg på vassdraga Tussa (47 prosent), Gjerdsvika (87 prosent), Sørbrandal (86 prosent), Vedeld (100 prosent), Urke (100

prosent), Standal (100 prosent), Dalegjerdet (100 prosent), Viddal (100 prosent), Draura (100 prosent), Bruelva (100 prosent), Skår (100 prosent), Tenneelva (100 prosent), Dalane (100 prosent), Innvik (93 prosent), Rødset (100 prosent) og Furset (100 prosent). Procentsatsen syner kor stor del i GWh Tussa leiger i vassdraget.

Leigde vassdragsrettar er vurderte som operasjonelle leigeavtalar.

Note 10. Andre driftskostnader

Tal i 1 000 kr

Andre driftskostnader	Morselskap		Konsern	
	2025	2024	2025	2024
Vedlikehaldskostnader	6 220	5 778	58 245	52 933
Framande tenester	6 882	5 584	11 669	13 434
Husleige, straum osv.	2 358	2 433	12 588	9 830
Sals- og marknadsføringskostnader	3 512	3 896	6 503	6 796
Telekommunikasjon, post, gebyr	212	245	3 850	2 553
Erstatning og konsesjonsavgifter	0	0	12 982	13 895
Andre driftskostnader	2 017	2 541	28 807	28 178
Sum	21 200	20 477	134 644	127 619

Revisjonskostnader	Morselskap		Konsern	
	2025	2024	2025	2024
Lovpålagt revisjon, utan mva.	351	321	1804	1277
Andre attestasjonstenester, utan mva.	0	0	33	37
Skatterådgjeving, utan mva.	0	259	107	290
Andre ikkje-revisjonstenester, utan mva.	161	302	343	553
Sum revisjonskostnader, utan mva.	512	882	2287	2157

Note 11. Avgifter og erstatningar

I konsernresultatet inngår årlege erstatningar med 8,3 mill. kr. Dette er ei årleg forplikting for konsernet, fastsett etter vedtak i skjønnsretten eller andre avtalar inngått i samband med kraftutbygging.

Note 12. Tap på krav

Det er i året resultatført 482 308 kr som endring avsetning til tap og tap på krav i konsernet.

Note 13. Postar som er samanslegne i rekneskapen

Tal i 1 000 kr

Finansinntekter	Morselskap		Konsern	
	2025	2024	2025	2024
Inntekt på investering i TS/FKV	160 270	61 623	160 270	61 623
Renteinntekt frå føretak i same konsern	30 641	31 241	0	0
Annan renteinntekt	2 564	2 583	3 146	3 494
Valutagevinst	0	0	0	0
Annan finansinntekt	1 053	13 161	2 165	15 379
Annan finansinntekt frå føretak i same konsern	29 362	43 653		
Aksjeutbyte motteke	0	0	402	178
Gevinst ved realisasjon av aksjar	0	304	0	304
Sum finansinntekter	223 889	152 565	165 983	80 979

Finanskostnader	2025	2024	2025	2024
Nedskrivning finansielle anleggsmidler	11 834	0	11 842	0
Rentekostnader til føretak i same konsern	8 487	15 498	0	0
Annan rentekostnad	42 750	30 921	50 622	43 863
Valutatap	2	2	0	0
Andre finanskostnader	501	898	524	1 173
Tap ved realisasjon av aksjar	880	0	880	0
Sum finanskostnader	64 454	47 319	63 868	45 036

Verdiendring finansielle instrument			-316	-5 090
Netto endring valutapostar			-1 267	-9 736
Netto finanspostar	159 435	105 246	100 531	21 116

Note 14. Dotterselskap, felleskontrollert verksemd og tilknytte selskap

Tal i 1 000 kr

Selskap	Tal aksjar	Kjøpt år	Kommune	Eigardel	Røystedel
Tussa Energi AS	1	1996	Ørsta	100 %	100 %
Sunnmøre Energi AS	860	1995	Ørsta	100 %	100 %
Tussa IKT AS	150 000	2001	Ørsta	100 %	100 %
Tussa Installasjon AS	640	2001	Ørsta	100 %	100 %
Ose & Aarseth AS	100	1996/2003	Ørsta	100 %	100 %
Innvik Kraftverk AS	2 941	2021	Stryn	59,8 %	59,8 %
Tussa Småkraft AS	30	2012	Ørsta	100 %	100 %
Kvalsvik Elektro AS	30	2019	Ørsta	100 %	100 %
Stryn Elektro AS	30	2023	Ørsta	100 %	100 %
Elektrotunet AS	225	2021	Stryn	100 %	100 %
Proton Elektro AS	127 900	2024	Herøy	100 %	100 %

Selskap	EK 31.12 100 %	Res. 31.12 100 %	Balanseført verdi	Eigarselskap
Tussa Energi AS	573 494	19 507	650 051	Tussa Kraft AS
Sunnmøre Energi AS	149 031	14 105	202 000	Tussa Kraft AS
Tussa IKT AS	288 894	21 364	226 056	Tussa Kraft AS
Tussa Installasjon AS	53 184	4 976	48 819	Tussa Kraft AS
Ose & Aarseth AS	113	(0)	100	Tussa Kraft AS
Innvik Kraftverk AS	69 696	(21)	29 910	Tussa Energi AS
Tussa Småkraft AS	28	-	30	Tussa Energi AS
Kvalsvik Elektro AS	30	-	30	Tussa Installasjon AS
Stryn Elektro AS	30	-	35	Tussa Installasjon AS
Elektrotunet AS	2 485	150	3 318	Tussa Installasjon AS
Proton Elektro AS	6 214	1 025	31 558	Tussa Installasjon AS

Morselskapet Tussa Kraft AS har ytt konsernbidrag til Tussa Energi AS, som aukar investeringa knytt til dotterselskapet med 29,4 mill. kr.

Note 14. Dotterselskap og tilknytte selskap - framhald

Tal i 1 000 kr

Tilknytte selskap etter eigenkapitalmetoden

Selskap	Linja AS	Istad AS	Wattn AS
Ervervsdato	01.01.2014	03.09.2018	01.09.2020
Kontor	Herøy	Molde	Ålesund
Eigardel	32,9 %	36 %	24,5 %
Balanseført EK på kjøpstidspunktet	273 478	138 921	55 240
Kostpris	284 977	279 971	106 840
Meirverdi	11 498	141 049	51 599

Berekning av resultatdel i året

Del resultat i året	156 296	13 754	1 883
Avskrivning meirverdi i året	-2 300	-4 439	-4 925
Resultatdel i året	153 996	9 315	-3 041

Berekning av balanseført verdi pr. 31.12.

Inngående balanse 1.1. (inkl. fond)	725 767	307 035	89 732
Endringar ført mot EK	-16 282	-	-
Resultatdel i året (inkl. nytt prinsipp aksjeeige Linja)	153 996	9 315	-3 041
Motteke utbyte	-29 263	-8 209	-
Utgående balanse 31.12.	834 218	308 140	86 691

Note 15. Skatt

Tal i 1 000 kr

	Morselskap		Konsern	
Skattekostnadene i året fordeler seg på:	2025	2024	2025	2024
Betalbar skatt allmenn inntekt	0	4 905	22 221	21 144
Betalbar grunnrenteskatt			23 093	41 480
Endring utsett skatt allmenn inntekt	-35	855	-3 888	3 526
Endring utsett skatt grunnrente			9 276	-2 732
Andre endringar	0	0	0	52
Korrigeringar feil tidlegare år	0	0	-126	-345
Sum skattekostnad	-35	5 760	50 576	63 125

Berekning av skattegrunnlaget i året:

Resultat før skattekostnad	146 249	93 396
Varige skilnader *)	-146 407	-112 086
Endring i mellombelse skilnader	157	-4 507
Avgjeve konsernbidrag		4 219
Skattegrunnlag i året	0	-18 977

Note 15. Skatt - framhald

Tal i 1 000 kr

	Morselskap		Konsern	
	2025	2024	2025	2024
Betalbar skatt				
Betalbar skatt allmenn inntekt	0	2 713	22 221	18 951
Skattefunn			-189	-178
Betalbar naturressursskatt			6 179	5 779
Naturressursskatt samordna med fellesskatt			-5 595	-5 514
Betalbar grunnrenteskatt			24 168	41 480
Skatteeffekt av avgitt konsernbidrag	0	-928	0	0
Korrigeringar tidlegare år			21	0
Betalbar skatt i balansen	0	1 784	46 806	60 519
Oversikt over mellombelse skilnader:	2025	2024	2025	2024
Fordringar			-2 661	-1 745
Varer			-200	-250
Anleggsmidler	1 169	1 377	400 938	364 960
Skattemessig underskot til framføring			-1 907	0
Pensjonar	766	565	1 692	100
Tilverkingskontraktar under arbeid			6 072	19 119
Rekneskapsmessig avsetning for tap			-1 218	-995
Gevinst- og tapskonto	605	757	807	-1 112
Andre			-11 548	-12 263
Sum	2 540	2 698	391 975	367 814
MF som ikkje inngår i grunnlag for utsett skatt			-34 910	8
3 % skattepliktig aksjeutbyte	0	0	0	0
Sum grunnlag utsett skatt:	2 540	2 698	357 065	367 822
Skattesats utsett skatt/skattefordel	22 %	22 %	22 %	22 %
Utsett skatt/skattefordel	559	594	78 554	80 921
Sum utsett skatt/skattefordel (ekskl. grunnrente)	559	594	78 554	80 921

SPESIFIKASJON AV GRUNNRENTESKATTEN I ÅRET:

Betalbar grunnrenteskatt:	Tussa kraftverk	Åmela kraftverk	Innvik kraftverk	Sum
Inntekt kraftomsetning	99 339	54 490	7 439	161 269
Driftskostnader eks.avskr., div.skattar	28 959	15 598	3 649	48 206
Skattemessige avskrivningar	6 297	4 256	2 718	13 271
Eigedomsskatt	3 036	1 387	258	4 681
Konsesjonsavgift	2 424	732	58	3 213
Direkte kostnadsført investering	19 425	4 364	501	24 289
Tap ved realisasjon driftsmiddel	0	0	38	38
Berekna selskapsskatt	12 884	7 023	0	19 907
Sum kostnader	73 024	33 360	7 221	113 605
Resultat før friinntekt	26 315	21 131	218	47 664
Gjennomsnittleg skattemessig verdi	69 150	77 532	100 988	247 671
Normrente (%)	3,1 %	3,1 %	3,1 %	3,1 %
Friinntekt 2025	2 144	2 404	3 131	7 678
Grunnrenteinntekt	24 171	18 727	-2 913	39 986
Frådrag for neg.gr.renteinnt.tidl.år inkl. rente				
Grunnlag for betalbar grunnrenteskatt	24 171	18 727	-2 913	39 986
Betalbar gr.renteskatt	57,7 %	13 947	10 806	-1 681
Mellombelse skilnader grunnrente:			2025	2024
Varige driftsmidler Tussa kraftverk			7 881	-11 065
Gevinst- og tapskonto Tussa kraftverk			-238	-298
Varige driftsmidler Åmela kraftverk			11 768	10 970
Gevinst- og tapskonto Åmela kraftverk			-293	-367
Varige driftsmidler Innvik Kraftverk			6 690	6 087
Meirverdi Innvik kraftverk			82 681	85 011
Sum			108 489	90 337
Utsett selskapsskatt på grunnlag utsett grunnrenteskatt			-23 867	-19 874
Grunnlag utsett grunnrenteskatt			84 621	70 463
Utsett skatt grunnrente (57,7 %)			48 928	40 657
Total utsett skattefordel (skatteforpliktig) konsern			-127 483	-121 578

Note 15. Skatt - framhald

Tal i 1 000 kr

Forklaring på kvifor skattekostnaden i året ikkje utgjer 22 prosent av resultat før skatt:

	Morselskap		Konsern	
	2025	2024	2025	2024
22 % skatt av resultat før skatt	32 175	20 547	49 727	37 697
Skatteeffekt av permanente forskjellar	-32 210	-16 118	-32 176	-15 111
Grunnrenteskatt	0	0	23 072	41 480
Avgift på kraftproduksjon (Høgprisavgift)	0	0	0	0
Endring utsett skatt grunnrente	0	0	9 276	-2 784
Endring utsett skatt grunnrente som følge av endra skattesats	0	0	0	0
Skatteeffekt mellombelse skilnader som ikkje inngår i utsett skatt	0	0	-300	52
Skatteeffekt 3 % av utbyte	0	0	0	179
Meir-/mindreverdiar i konsern	0	0	0	0
Andre postar	0	1 331	977	1 611
Berekna skattekostnad	-35	5 760	50 576	63 125
Resultat før skattekostnad			226 031	171 352
Nominell skattesats **)	0,0 %	6,2 %	22,4 %	36,8 %

*) Inkluderer kostnader som ikkje kan trekkjast frå, t.d. representasjon, samt frådrag for resultatdel til tilknytt selskap (resultatdelen vert trekt ut ettersom han alt er skattlagt i dei einskilde selskapa).

***) Skattekostnad i høve til resultat før skatt.

Note 16. Eigenkapital

Tal i 1 000 kr

MORSELSKAP	Aksje- kapital	Overkurs	Annan innskt. EK	Fond.	Annan opptent EK	Sum
Eigenkapital 01.01.	34 970	780 833	119 282	467 864	276 850	1 679 799
Resultat i året					146 284	146 284
Andre endringar					-16 282	-16 282
Avsetning fond				109 557	-109 557	0
Avsett utbyte					-76 179	-76 179
Eigenkapital 31.12.	34 970	780 833	119 282	577 421	221 116	1 733 623

KONSERN	Aksje- kapital	Overkurs	Annan innskt. EK	Minoriteten sin del	Annan opptent EK	Sum
Eigenkapital 01.01.	34 970	780 833	119 282	38 847	847 540	1 821 472
Andre endringar				1205	-12 804	-11 599
Resultat i året				-419	175 874	175 455
Avsett utbyte Tussa Kraft AS					-76 179	-76 179
Eigenkapital 31.12.	34 970	780 833	119 282	39 633	934 431	1 909 150

Note 17. Utbyte

Styret føreslår 76,2 mill. kr til utbetaling av utbyte for 2025, og dette utgjer 21 784 kr pr. aksje.

Note 18. Fordringar og gjeld

Tal i 1 000 kr

Fordringar med forfall seinare enn eitt år	Morselskap		Konsern	
	2025	2024	2025	2024
Andre langsiktige fordringar	569 016	561 292	6 866	1 263
Sum	569 016	561 292	6 866	1 263

Langsiktig gjeld med forfall seinare enn 5 år				
Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	100 113	100 113	0	0
Sum	100 113	100 113	0	0

Garantiansvar	2025	2024
Garantiansvar	875	2 072
Sum garantiansvar	875	2 072

Konsernet har ei samla garantiramme på 20 mill. kr. Effektive garantiar utgjer 0,9 mill. kr pr. 31. desember. Tussa Kraft AS og dotterselskapa har dessutan i samband med etableringa av fleirkontosystem stilt ein sjølvskuldngaranti overfor Nordea på inntil 50 mill. kr som tryggleik for konsernet sine plikter overfor banken.

Note 19. Mellomverande med selskap i same konsern Tal i 1 000 kr

	Morselskap	
	2025	2024
Fordringar		
Langsiktig fordring	566 092	561 292
Kundefordringar	2 388	1 098
Korts.fordring dotterselskap- konsernkonto	0	3 680
Andre fordringar	0	40 358
Sum	568 480	606 428
Gjeld	2025	2024
Leverandørgjeld	561	600
Langsiktig gjeld m/forfall seinare enn 5 år	100 112	100 112
Korts.gjeld dotterselskap- konsernkonto	0	47 728
Annan kortsiktig gjeld	0	1 035
Sum	100 673	149 475

Note 20. Andre aksjar og langsiktige fordringar Tal i 1 000 kr

Selskap	Morselskap				Konsern	
	Balanse-verdi	Kostpris mor	Tal aksjar totalt	Eigardel	Balanse-verdi	Kostpris konsern
Dalsfjord Bensin AS	-	-	10	2,6 %	-	-
Hareid Fastlandssamband AS	0	250	250	2,6 %	0	250
Norsk Innovasjonssenter	300	300	300 000	41,1 %	300	300
Møre og Romsdal Sårkornfond AS	0	750	7 500	1,7 %	0	750
Nordenfjeldske Energi AS	55	55	55	9,1 %	55	55
Rovdefjordsambandet AS	0	250	50	5,4 %	0	250
Runde Miljøbygg AS	500	1 001	13 000	5,91 %	500	1 001
Sunnmøre Golf AS	0	200	40	0,9 %	0	200
Sunnmøre kultur næringshage AS	0	0	30	14,6 %	7	30
Ålesund Kunnskapsark AS	102	102	100	1,2 %	102	102
AF Elkraft AS	0	0	135 096	9,9 %	0	0
Eninvest AS			396 000	1,7 %	11 496	11 496
Norwegian Centre of Maritime Communication AS			43 478	5,8 %	500	500
Glomnes Kraft AS			20	10,0 %	839	839
Mogleg AS			110	14,3 %	116	116
Steindøla Kraft AS			125	12,5 %	2 419	2 419
Denne Stranda AS			5	1,7 %	25	25
El-proffen AS				0,6 %	962	962
Inviro				2 %	50	50
Andre					14	14
Sum aksjar	957	2 908			17 385	19 359

Note 21. Varelager Tal i 1 000 kr

	Morselskap		Konsern	
	2025	2024	2025	2024
Driftsmateriell og innkjøpte handelsvarer	0	0	13 675	12 733
Ukurans			-200	-200
Sum netto varelager			13 475	12 533
Av dette vurdert til kostpris	0	0	13 675	12 733
Av dette vurdert til verkeleg verdi	0	0	0	0

Lageret er vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi, tilordna etter FIFO-metoden.

Note 22. Langsiktige tilverknadskontraktar Tal i 1 000 kr

Anleggskontraktar er vurderte etter prinsippet for løpande avrekning. Fullføringsgraden er basert på forholdet mellom påløpne kontraktkostnader på balansedagen og estimerte totale kontraktkostnader.

Opptent, ikkje fakturert inntekt pr. 31.desember 2025 på 5,4 mill. kr inngår i rekneskapslinja opptent, ikkje fakturert inntekt.

Note 23. Bankinnskot Tal i 1 000 kr

	Morselskap	Konsern
Bundne skattetrekksmidlar utgjør:	1 272	11 386

Likviditeten i konsernet er organisert i ei konsernkontoordning. Dette inneber at dotterselskapa sine likvide midlar formelt sett er fordringar på morselskapet, og alle konsernselskapa er solidarisk ansvarlege for dei trekkja konsernet har gjort.

Note 24. Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Tal i 1 000 kr

MORSELSKAP

Aksjekapitalen er sammansatt av:	Tal	Pålydande	Balanseført
A-aksjar	1 117	10 000	11 170 000
B-aksjar	2 380	10 000	23 800 000
Sum	3 497		34 970 000

Tussa Kraft AS har 10 aksjonærer pr. 31.desember. B-aksjane kan berre eigast av norske kommunar og fylkeskommunar. Elles er aksjane i dei ulike klassane likestilte.

Aksjonærer pr. 31.12.	A-aksjar	B-aksjar	Sum	Eigardel	Røyster
Ørsta kommune	309	747	1 056	30,2 %	30,2 %
Herøy kommune	0	376	376	10,8 %	10,8 %
Volda kommune	0	484	484	13,8 %	13,8 %
Kommunal Landspensjonskasse	591	0	591	16,9 %	16,9 %
Stryn kommune	78	156	234	6,7 %	6,7 %
Stranda kommune	77	154	231	6,6 %	6,6 %
Hareid kommune	0	201	201	5,7 %	5,7 %
Vanylven kommune	21	176	197	5,6 %	5,6 %
Ulstein kommune	29	58	87	2,5 %	2,5 %
Sande kommune	0	28	28	0,8 %	0,8 %
Hornindal Kraftlag	12	0	12	0,3 %	0,3 %
Totalt tal aksjar	1 117	2 380	3 497	100,0 %	100,0 %

Note 25. Gjeld

Tal i 1 000 kr

I samband med overtaking av verksemder og driftsmidlar i konsernet er det inngått avtalar om ansvarleg lånekapital.

Det er avtalt negativ pantsetjing. Låna er renteberande.

Banken sitt krav til forholdstal (covenants) er følgjande: Eigenkapitalgrad pr. 31.desember 2025: Minimum 25 prosent på konsolidert nivå for konsernet.

	Pålydande	Forfall	Opsjon forlenging	Aktuell rente	Gjeld
Trekkefasilitet Tussa Kraft AS	300 000	31.05.2027		Flytande	260 000
Lån Tussa Kraft AS	500 000	30.05.2028	1+1 år	Flytande	500 000
Lån Tussa Kraft AS	245 000	31.05.2026		Flytande	245 000
Lån Tussa Kraft AS	100 000	23.06.2027		Flytande	100 000
Lån Tussa Energi AS,	20 mill. euro	29.05.2026		Flytande	236 860
Kassakreditt tilknytt fleirkontosystemet:	100 000	01.05.2026		Flytande	0
Lån Innvik Kraftverk AS	37 658	07.10.2027		Flytande	37 658
Lån Proton Elektro AS	157				157
Sum eksternt gjeld					1 379 675

For lånet til Tussa Energi AS er det stilt sjølvskuldnarkausjon på 20 000 000 euro frå Tussa Kraft AS.

Det er inngått avtale om garantiprovisjon mellom Tussa Kraft AS som garantist og Tussa Energi AS som lånetakar, i samband med at Tussa Energi AS har teke opp eksternt lån.

Etter 31. desember 2025 er følgjande lån refinansierte og har nye forfallsdatoar:

Trekkefasilitet 300 mill. kr, forfallsdato 303. mars 2028.

Lån 245 mill. kr, forfallsdato 31. mars 2029.

Lån 20 mill. euro, forfallsdato 31. mars 2027.

Kassakreditten er fornya, og har fornyingsdato 1. mars 2027.

For å minimere renteeksponering i gjeldsporteføljen nyttar Tussa rentebyteavtalar. Pr. 31. desember 2025 har vi følgjande avtalar:

	Beløp	Start	Forfall	Betalar	Mottek
Tussa Kraft AS, renteswap-avtale:	160 000	14.06.2018	14.06.2028	Fast 2,69 %	Flytande 3 md. NIBOR
Tussa Kraft AS, renteswap-avtale:	200 000	14.06.2018	14.06.2028	Fast 2,29 %	Flytande 3 md. NIBOR
Tussa Kraft AS, renteswap-avtale:	200 000	28.09.2018	28.09.2028	Fast 2,35 %	Flytande 3 md. NIBOR
Tussa Kraft AS, renteswap-avtale:	200 000	14.06.2028	14.06.2033	Fast 2,0616 %	Flytande 3 md. NIBOR
Tussa Kraft AS, renteswap-avtale:	200 000	14.06.2028	14.06.2033	Fast 3,74 %	Flytande 3 md. NIBOR
Tussa Kraft AS, renteswap-avtale:	9 000	15.06.2018	15.06.2028	Fast 2,20 %	Flytande 3 md. NIBOR
Tussa Kraft AS, renteswap-avtale:	85 000	03.04.2017	01.04.2027	Fast 3,86 %	Flytande 3 md. NIBOR
Innvik Kraftverk AS, renteswap-avtale:	10 733	01.06.2016	01.06.2026	Fast 3,88 %	Flytande 3 md. NIBOR
Tussa Energi AS, rente/valutaswap-avtale:	10 000 €	15.11.2017	15.11.2027	Flyt. 3 md. EURIBOR	Flyt. 3 md. NIBOR

Urealisert gevinst knytt til renteswap-avtalar i Tussa Kraft AS utgjør pr. 31.desember 36 647 441 kr*.

Urealisert gevinst knytt til renteswap-avtale i Innvik Kraftverk utgjør pr. 31.desember 15 004 kr.

Urealisert tap knytt til rente/valutaswap-avtale i Tussa Energi utgjør pr. 31.desember 23 278 592 kr.

*Frå 2020 inngår renteswapavtalane i effektiv sikring av renteberande gjeld, og vert ikkje balanseførte. Tidlegare balanseført verdi av urealisert tap vert reversert ved bruk av amortisert metode over resterande løpetid av dei ulike renteswap-avtalane.

Reduksjonen av bokført gjeld vert klassifisert som finansinntekt.

*All kraft frå Tussa
er fornybar*



*Utbygging av Skårelva kraftverk. Thea Herberg, sivilingeniør bygg og VTA,
og Sveinn Larusson, prosjektingeniør og VTA, i Tussa Energi.*

KONTANTSTRAUMANALYSE

Tal i mill. kr

	Konsern		Tussa Kraft AS	
	2025	2024	2025	2024
Kontantstrøm fra driftsaktiviteter				
Resultat før skattekostnad	226 031	171 352	146 249	93 396
Skatt betalt i året	-60 696	-111 202	-1 784	-6 782
Tap/gevinst ved sal av anleggsmidler	0	-39	0	0
Tap/gevinst ved sal av aksjar	12 713	0	12 713	0
Ordinære avskrivningar	153 436	134 820	774	652
Nedskrivning anleggsmidler	894	272	0	0
Urealisert verdiendring marknadbaserte finansielle omløpsmidlar	316	5 087	0	0
Resultatdel i tilknytte selskap	-160 270	-61 625	-160 270	-61 625
Utbyte frå tilknytte selskap	37 472	35 663	37 472	35 663
Resultatført konsernbidrag	0	0	-29 362	-43 653
Endring i varelager	-942	-2 529	0	0
Endring i kundefordringar	-9 425	15 866	-1 211	301
Endring i leverandørgjeld	16 164	-7 379	-1 525	239
Forskjell mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbet. i pensjonsordningar	-1 889	-2 186	-261	-1 974
Effekt av valutakursendringar	960	11 090	0	0
Endring i andre tidsavgrensingspostar	6 468	-7 555	-2 788	-13 433
Netto kontantstrøm fra driftsaktiviteter	221 233	181 635	7	2 783

Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter				
Innbetalinger ved sal av varige driftsmidler	458	39	0	0
Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler	-195 632	-178 302	-488	-9 384
Innbetalinger ved sal av aksjar og partar i andre føretak	6 919	0	6 919	0
Utbetalinger ved kjøp av aksjar og partar i andre føretak	-56 699	-30 565	0	-300
Utbetalinger ved kjøp av andre investeringar	0	0	0	0
Nedskrivning av anleggsaksjar	0	0	0	0
Kontanteffekt av kjøp/fusjon	14 424	778	0	0
Innbetaling på låneforhold i konsern	0	0	-32 279	39 617
Innbetaling av langsiktige lån til konsernselskap	0	0	20 200	60 200
Utbetaling av langsiktige lån til konsernselskap	0	0	-25 000	0
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-230 531	-208 050	-30 648	90 133

	Konsern		Tussa Kraft AS	
	2025	2024	2025	2024
Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter				
Innbetalinger ved opptak av ny langsiktig gjeld	1 100 000	745 000	1 100 000	745 000
Innbetalinger ved opptak av ny kortsiktig gjeld	0	0	0	0
Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-1 042 770	-598 138	-1 040 000	-595 000
Verdiendring langsiktige finansielle instrument	0	0	0	0
Netto endring i kassakreditt	0	-3 226	0	-3 226
Innbetaling til låneforhold i konsern	0	0	-30 485	-157 544
Utbetalinger av utbyte	-69 758	-63 082	-69 356	-63 082
Utbetalinger av konsernbidrag	0	0	-924	0
Innbetalinger av konsernbidrag	0	0	40 358	54 835
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	-12 528	80 553	-407	-19 017

Effekt av valutakursendringar på kontantar og bankinnskot				
Netto endring i kontantar og bankinnskot	-21 826	54 138	-31 048	73 899
Behaldning av kontantar og bankinnskot ved starten på året	108 120	53 981	74 902	1 003
Behaldning av kontantar og bankinnskot ved slutten på året	86 294	108 120	43 854	74 902

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Tussa Kraft AS som er samansett av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2025, resultatrekneskap, kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2025, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav,
- gjev selskapsrekneskapen eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2025 og av resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg, og
- gjev konsernrekneskapen eit rettvisebilete av konsernet si finansielle stilling per 31. desember 2025 og av resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, annan ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta, og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvika.


Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer.

Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å onse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerlene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen. For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til: <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Ålesund, 10. april 2026

Tell Norge AS


Terje Honningsvåg
Statsautorisert revisor

Samfunnsbidrag


Tal i 1 000 kr

Mottakar	Utbyte	Konsesjons-avgift	Konsesjons-kraft	Eigedoms-skatt	Natur-ressursskatt	Overføringer til eigarar og kommuner
Volda kommune	10 543	2 931	3 329	5 250	4 452	26 506
Ørsta kommune	23 004	250	551	896	-	24 701
Herøy kommune	8 191	-	-	12	-	8 202
Kommunal Landspensjonskasse	12 874	-	-	-	-	12 874
Vanylven kommune	4 291	321	350	-	245	5 208
Stryn kommune	5 097	43	-	319	493	5 953
Stranda kommune	5 032	31	211	560	-	5 834
Hareid kommune	4 379	-	-	-	-	4 379
Ulstein kommune	1 895	40	-	-	-	1 936
Sande kommune	610	39	174	-	-	823
Sykkylven kommune	-	209	169	-	-	378
Stad kommune	-	69	96	-	20	185
Hornindal Kraftlag	261	-	-	-	-	261
Totalt	76 179	3 934	4 880	7 037	5 210	97 239




Overføringer til samfunnet

Tal i mill. kr



Overføringer til eigarar og kommuner

Tal i mill. kr




Tal i 1 000 kr

Skildring	Beløp
Grunntrenteskatt	23 072
Utbyte	76 179
Selskapsskatt	22 221
Konsesjonskraft	4 880
Naturressursskatt	6 179
Eigedoms-skatt	7 037
Konsesjonsavgift	3 934
Sum	143 502

Berekraftsrapport

Innhold

Generell informasjon	58	Kapittel 2. Sosiale forhold	69
Omstilling til berekraftig økonomi.....	59	Eigen arbeidsstyrke, kjønnsbalanse.....	69
Strategi, forretningsmodell, innovasjon og berekraft.....	60	Eiga arbeidsstyrke, HMS.....	71
Ansvarleg næringsliv	63	Eigen arbeidsstyrke – Løn, arbeidsvilkår, organisasjonsgrad og opplæring.....	72
Klimagassreduksjon og omstilling	63	Eigen arbeidsstyrke, retningslinjer og prosessar for menneskerettar.....	72
Berekraftig natur	64	Eigen arbeidsstyrke, alvorlege negative brot på menneskerettar	72
Kapittel 1. Miljø	65	Tiltak og oppfølging.....	72
Energi og klimagassutslepp.....	65	Arbeidarar i verdikjeda.....	73
Klimarekneskap	65	Kapittel 3. Verksemdstyring	74
Biologisk mangfald og natur	68		



Generell informasjon

Om rapporten:

Rapporten er utarbeidd etter standarden Voluntary Sustainability Reporting Standard for små og mellomstore føretak (VSME). Dette er ein frivillig rapporteringsstandard for føretak som ikkje er underlagt krava i Corporate Sustainability Reporting Directive (CSRD).

VSME-standarden tilbyr to rapporteringsopsjonar:

- a) basismodulen
- b) basismodulen og den omfattande modulen.

Tussa rapporterer etter modul b.

Rapporteringsomfang

Rapporten gjeld for rapporteringsåret 2025 og for selskapa Tussa Kraft, Tussa Installasjon, Tussa Energi, Tussa IKT og Sunnmøre Energi, i rapporten omtala som Tussa. Alle geografiske stadar som er eig eller blir leigd av desse selskapa er også omfatta.

Sensitive opplysningar:

Enkelte opplysningar er utelatne av omsyn til tryggleik. Dette gjeld spesifikke geografiske stadar med koordinatar, då desse omfattar kritisk infrastruktur.

Spørsmål om rapporten kan rettast til: Tussa, berekraftsansvarleg Bodil J. Molvik bodil.molvik@tussa.no

European Sustainability Reporting Standard-sektor (ESRS) og NACE-kode med tilhøyrande divisjon og gruppe

Forretningsområde	NACE kode	ESRS sektor
Kraftproduksjon vasskraft	35.12	Energy Production & Utilities
Fjernvarme	35.30	Energy Production & Utilities
IKT-tenester	62.01-62.09	Technology & Telecommunications
Fiber / breiband / telekom	61.10	Technology & Telecommunications (Telecom)
Elektro og installasjonsarbeid	43.21	Construction & Engineering Services



Berekraftsrelatert sertifisering

I 2022 vart Tussa ISO 14001-sertifisert innanfor miljøleing. I januar 2025 vart styringssystemet vårt innanfor miljøleing revidert av Nemko, og det vart ikkje funne avvik.

Lenke til sertifikat og ytterlegare skildring: <https://www.tussa.no/om-tussa/ansvar/iso-sertifisering/iso14001-2>


Omstilling til berekraftig økonomi

Etter å ha blitt ISO-sertifisert innan miljøleing i 2022, styrka Tussa berekraftsarbeidet i 2024. I 2025 var to stillingar knytt til berekraftsarbeidet, ein berekraftsansvarleg og ei traineestilling.

Strategi og viktige område:

- Bidra til å stoppe klimaendringar
- Ta vare på biomangfald og økosystem
- Ta vare på arbeidarar og menneskerettar i verdikjeda

Tussa har peika ut fire av FN sine berekraftsmål som særleg relevante, der vi kan bidra positivt, og som støttar berekraftsstrategien vår:



#13: Vi skal bidra til å stoppe klimaendringane og til at vi sjølve, kundane og leverandørane våre reduserer negative påverknader.

#7: Vi skal produsere fornybar energi og leggje til rette for fornybar energiproduksjon hos kundane våre, og vere ein pådrivar for at dei kan gjennomføre enøktiltak.


#8: Vi skal vere ein attraktiv arbeidsplass og arbeide for at arbeidarar i leverandørkjeda vår skal ha rettferdige og gode arbeidsvilkår, samstundes som vi har ein stabil og fornuftig økonomisk vekst.

#15: Vi skal ta vare på naturen, biomangfaldet og økosystema gjennom all aktiviteten vår. Påverknaden vår skal vere så liten som mogleg.

Tussa utførte dobbel vesentleganalyse (DVA) hausten 2024, for å identifisere vesentlege berekraftstema. Analysen var i tråd med krava i ESRS-standard. Det er ikkje eit krav i VSME å utføre eller rapportere DVA. DVA har danna grunnlaget for berekraftig strategiarbeid og framtidig omstillingsplan, i tillegg til å identifisere vesentlege punkt som vi skal rapportere etter. Vi vel difor å leggje DVA til grunn for kva som er vesentleg for Tussa å rapportere om etter VSME-standard.

I DVE fann vi at dei mest vesentlege temaa for oss, også er rapporteringspunkt i VSME:

- Klimagassutslepp og klimaomstilling
- Biologisk mangfald
- Arbeidarar i verdikjeda



Strategi, forretningsmodell, innovasjon og berekraft

Tussa er eit leiande energi- og teknologikonsern på Nordvestlandet med ei sterk forankring i lokalsamfunnet. Gjennom ansvarleg og berekraftig drift bidreg vi til ei berekraftig framtid for kundane og samfunnet. Berekraft er ein viktig del av visjonen vår: Tussa – med kraft til å skape framtidretta og miljøvennlege løysingar.

Vi har gjennom DVA identifisert negative fotavtrykk, men også positive bidrag til den grøne omstillinga, som vert kalla handavtrykk. Dette er inkludert i rutinar, politikk og framtidsskikk.

Har verksemda sett i verk tiltak, retningslinjer eller framtidige rutinar som omfattar følgjande berekraftsforhold?	Er dei offentleg tilgjengelege?	Har retningslinjene mål?
Klimaendringar	Ja	Nei
Vass- og marineressursar	Nei (ikkje vesentleg)	
Biologisk mangfald og økosystem	Ja	Nei
Sirkulær økonomi	Ja	Nei
Eigen arbeidsstyrke	Ja	Ja
Arbeidarar i verdikjeda	Ja	Ja
Råka lokalsamfunn	Nei (ikkje vesentleg)	
Forbrukar og sluttbrukar	Nei (ikkje vesentleg)	
God forretningsskikk	Ja	Ja

Tiltak og konkretisering av omstilling til ein meir berekraftig økonomi:

	Spesifikke tiltak:	Konkretisering av mål:
Klimaendringar	<ul style="list-style-type: none"> Redusere CO2-utslepp i egne aktivitetar. Leverandørar forpliktar seg til Science Based Targets initiative (SBTi). Konkrete krav til leverandørar/entreprenørar om reduksjon av utslepp. Tussa skal tilby produkt og tenester som bidreg til reduksjon av klimagassar. 	Vi skal redusere klimagassutsleppa våre i samsvar med gyldige og godkjende vitskapsbaserte mål (SBTi). Vi er i ein prosess for å få måla våre godkjente.
Biologisk mangfald og økosystem	<p>Ta i bruk tiltakshierarkiet som metodikk.</p> <p>Kartleggje brukt (grå) areal, deretter vurdere tiltak.</p> <p>Vurdering av miljøkonsekvensar.</p> <p>Etablere blomstereng på aktuelle areal for å auke biomangfald.</p>	Tussa arbeider for å vere naturpositiv innan 2035.

	Spesifikke tiltak:	Konkretisering av mål:
Sirkulær økonomi	Tussa IKT har bedriftsavtale med Foxways* for retur av IKT-materiell. Vi har politikk og retningslinjer for sortering av alt avfall i tråd med måla våre i ISO 14001-sertifiseringa.	Mål om å oppnå høgare grad av gjenvunne IT-utstyr. Mål om å redusere restavfall og såleis behalde meir av ressursane i verdikjeda.
Eigen arbeidsstyrke	<p>Tariffavtalar i alle selskap.</p> <p>Faste samarbeidsforum med tillitsvalde i tillegg til BAMU.</p> <p>Årleg medarbeidarundersøking.</p> <p>Bedriftshelseteneste.</p> <p>Løns- og personalpolitikk er kjønnsnøytral.</p> <p>Prinsipp om at velferdsgoder skal vere tilgjengeleg for alle tilsette.</p> <p>Likehandsaming som prinsipp er forankra i verksemda sine styrande dokument.</p> <p>eGode velferdsordningar, gode pensjon-og forsikringsordningar.</p>	Tussa skal vere ein trygg og god arbeidsgjevar og aksepterer inga form for trakassering, diskriminering eller anna upassande framferd. Tussa skal arbeide systematisk med HMS slik at tilsette si helse, tryggleik og arbeidsmiljø er ivaretatt.
Arbeidaren i verdikjeda	God rutine og metodikk for ansvarleg innkjøpspraksis for å sikre arbeidaren sine rettar i verdikjeda	Sikre sømelege arbeidsforhold i verdikjedene våre. Ingen brot på arbeidarar sine rettar og ingen negative hendingar.
God forretningsskikk	Tussa jobbar for å sikre menneskerettar og hindre korrupsjon gjennom risikobaserte aktsemdsvurderingar i tråd med openheitslova og internasjonale standardar som OECD sine retningslinjer og FN sine rettleiande prinsipp. Systematisk kartlegging av risiko i verdikjeda, tydelege etiske retningslinjer, opplæring av tilsette og rutinar for varsling og handtering av kritikkverdige forhold. Som norsk verksemd er Tussa forplikta til å opptre ansvarleg, transparent og i samsvar med god forretningsskikk.	<p>Tussa skal gjennom openheit, høg etisk standard og systematiske aktsemdsvurderingar sikre at verksemda respekterer menneskerettane og førebyggjer all form for korrupsjon i heile verdikjeda.</p> <p>Tussa er medlem av UN Global Compact Norge og har ei tydeleg forpliktning til ti prinsipp innan menneskerettar, arbeidsliv, miljø og antikorupsjon, og støtte opp under FN sine berekraftsmål. I tillegg skal verksemda rapportere om årleg framdrift og tiltak.</p>

**Les om Foxway her

Innovasjon

Ein av kjerneverdiane i Tussa er å vere framtidsretta: å vere ein pådrivar for produktutvikling, ta i bruk ny teknologi og drive infrastrukturbygging. Handavtrykket vårt er å tilby framtidsretta og miljøvennlege løysingar til kundane våre.

I 2025 lanserte vi produktet SolarAnchor. Dette er eit nytt festesystem for solcellepanel, som gjer det enklare, billigare og meir miljøvenleg å montere solceller på flate tak.



SolarAnchor[®]
BY PROFESSIONALS

<https://www.tussa.no/bedrift/installasjon/solaranchor>

SF6-gass

Tussa nyttar i avgrensa grad svovelheksafluorid (SF₆) i enkelte høgspenningsanlegg i kraftnettet. SF₆ er ein syntetisk industrigass med særleg gode isolasjons- og lysbogeslekkande eigenskapar, noko som gjer gassen til ein viktig del av driftstryggleiken i kompakte gassisolerte koplingsanlegg (GIS). SF₆ har ein svært høg global oppvarmingseffekt (GWP) samanlikna med CO₂, og handtering av gassen er difor strengt regulert av EU gjennom F-gass-forordninga. SF₆ i energibransjen vert likevel ikkje rapportert som ein kvotepiktig del av EU sitt utsleppshandelssystem, då dette systemet primært gjeld sektorar med direkte industriutslepp av gassen, ikkje kraftnett. Tussa fører systematisk kontroll med gassmengder, service, lekkasjetesting og påfyll, og rapporterer etter gjeldande krav i F-gass-regelverket. Føretaket har som mål å halde lekkasjar nær null og å redusere framtidig SF₆ bruk gjennom teknologival, bruk av alternative løysingar der dette er mogleg, og god vedlikehaldspraksis i eksisterande anlegg.

Det vert forbod mot nyinstallasjonar av AIS/GIS med SF₆ i dei fleste spenningar frå 2030. Ved bygging av nye kraftverk har Tussa valt apparatanlegg utan SF₆ gass. Dette vert nytta på dei tre kraftverka vi har under bygging eller oppgradering: Nettet kraftverk, Skårelva kraftverk og Røyrhus kraftverk.

Miljøleing

Vi har fem overordna miljømål som er ein del av berekraftsstrategien vår, i tillegg til mål i ISO 14001-sertifiseringa. Miljømåla vart reviderte i juni 2025.

1. Tussa skal utvikle ein bedriftskultur med kompetanse innanfor miljøleing. Alle medarbeidarane i konsernet skal kjenne til og etterleve Tussa sin miljøpolitikk og miljømål.
2. Vi skal vere ISO 14001-sertifiserte, som betyr at Tussa skal integrere miljøomsyn i alle prosessar i konsernet.
3. Vi skal redusere klimagassutsleppa våre i samsvar med gyldige og godkjende vitskapsbaserte mål (SBTi).
4. Tussa skal ta samfunnsansvar ved å stille krav til berekraftig ressursbruk hos leverandørar.
5. Tussa skal arbeide for å vere naturpositiv innan 2035.

Miljømåla er brote ned og utarbeidd meir konkrete og strategiske for kvart selskap, og har tydelege handlingsplanar. Handlingsplanar og miljømål skal bidra til å omstille Tussa til ein berekraftig forretningsmodell og økonomi.

Miljøpolitikken

Vi skal:

- Leggje vekt på og integrere miljøomsyn i arbeidet vårt, både internt og ute hos kundane våre. Dette inkluderer berekraftig ressursbruk og at vi tek omsyn til naturmangfaldet
- Vidareutvikle ein bedriftskultur som set miljø på dagsorden, der tilsette kjenner til korleis konsernet påverkar miljøet
- Etterleve både eigne krav og krav frå styresmaktene

Miljøleinga i Tussa skal vere i samsvar med ISO 14001-standarden sine krav og føringar.

Ansvarleg næringsliv

Tussa vart i 2025 medlem av UN Global Compact, eit frivillig initiativ for utvikling, implementering og open rapportering av ansvarlege forretningspraksisar. Initiativet vart etablert i år 2000 og er i dag det største globale nettverket for berekraft i næringslivet, med over 20 000 deltakarar frå meir enn 160 land.

UN Global Compact oppmodar verksemder over heile verda til å tilpasse drift og strategiar til 10 prinsipp innan menneskerettar, arbeidsliv, miljø og antikorrupsjon, og til å støtte opp under FN sine berekraftsmål. I tillegg skal verksemda rapportere om årleg framdrift og tiltak.



Verksemder som blir med i UN Global Compact deler ei felles overtiding om at forretningspraksis som byggjer på universelle prinsipp bidreg til ein meir stabil og inkluderande global marknad. Dette legg grunnlaget for samfunn der både folk og verksemder kan utvikle seg og lukkast. Gjennom deltakinga er verksemder med på å setje ein global standard for berekraftig og ansvarleg drift.

Klimagassreduksjon og omstilling

I 2025 vart forpliktinga for Science Based Target Initiativ (SBTi) godkjent. SBTi er eit internasjonalt samarbeid der føretak set klimamål basert på klimavitenskap for å avgrense global oppvarming til 1,5 °C. Denne forpliktinga betyr at vi no har to år på oss til å få godkjent måla for redusering av klimagassar, som er kortsiktige mål innan 10 år, og nullutsleppsmål innan 2050.

BUSINESS AMBITION FOR 1.5°C  

Vi er også gjennom medlemskapen i UN Global Compact ein del av ein kampanje frå FN: Forward Faster Initiative og Race to Zero-nettverket. Tussa sine mål for reduksjon av klimautslepp vert publiserte når dei er godkjende av SBTi.

Scope 1 og 2: Korleis skal vi oppnå måla våre

Tussa vil redusere utsleppa i scope 1 og 2 gjennom eit breitt sett av aktivitetar som kombinerer energieffektiv drift, utfasing av fossile kjelder og målretta tiltak i eigne anlegg. Dei direkte utsleppa våre er låge, og dei kjem i hovudsak frå støtteprosessar i kraftstasjonane, drift av maskiner, datasenter og køyretøy, og bruk av propan i fjernvarmeproduksjonen. Når det gjeld SF₆-gass, så skal det ved bygging av nye kraftverk, veljast apparatanlegg utan SF₆-gass.

For å nå målet vil Tussa prioritere tiltak som reduserer forbruket av fossil energi i drift, inkludert vidare overgang til elektriske køyretøy og maskiner der dette er teknisk mogleg. Energiforbruk til hjelpesystem i kraftstasjonane skal optimaliserast gjennom tekniske oppgraderingar, meir presis styring og betre vedlikehald. I fjernvarmeproduksjonen vil selskapet arbeide for å redusere bruken av propan og hjelpefunksjonar gjennom energieffektivisering, optimal drift, og vurdering av lågkarbon-alternativ der det er teknisk og økonomisk føremålstenleg.

Tussa vil også arbeide systematisk med å redusere tap og forbetre effektiviteten i eigne prosessar, mellom anna gjennom betre overvaking av energibruk, investeringar i lågenergiteknologi, og styrking av interne energi- og klimakrav. Samstundes vil selskapet kontinuerleg evaluere nye tekniske løysingar for å redusere dei utsleppa som er igjen.

Sidan sjølve vasskraftproduksjonen ikkje gir utslipp av fossil CO₂, er hovuddelen av innsatsen konsentrert om å fjerne eller minimere dei små restutslappa som er igjen frå støtteprosessar.

Scope 3: Korleis mål skal oppnåast

Tussa vil nå scope 3 målet ved å redusere utslipp i verdikjeda gjennom betre innkjøpsrutinar, sterkare leverandørkrav, optimalisering av energirelaterte prosessar og meir effektiv transport. Dei største kjeldene til scope 3 utslipp er innkjøp av varer og tenester, inkludert leveransar av skogsflis til fjernvarme, oppstraumutslipp frå energi og drivstoff, og transport av varer, utstyr og material. Frå og med 1. januar 2025 endra vi vektninga frå 10 til 30 prosent for klima og berekraft i alle utgåande tilbodsførespurnader, for å styrke klimakriteria i både kontraktar og kjøpsprosessen, slik at fleire leverandørar vert motiverte til å ta i bruk lågutslippsløyningar.

Tussa vil redusere drivstoff- og energirelaterte utslipp ved å effektivisere køyremønster, redusere forbruk i drift og bruke meir lågkarbonenergi. Vidare vil selskapet styrke arbeidet med avfallshandtering, materialgjenvinning og meir sirkulære innkjøpsløyningar for å redusere utslipp frå avfall og byggevarerleveransar.

Tussa vil utvikle ein meir strukturert leverandørdialog der nøkkelleverandørar vert oppmoda til å setje eigne klimamål og arbeide for utslippsreduksjonar i prosessane sine. Samla sett vil desse tiltaka sikre målretta reduksjonar i dei største scope 3-kategoriene og bidra til at Tussa når målet om utslippskutt.

Berekraftig natur

Korleis jobbar vi med sårbare artar og biologisk mangfald

Ein del av aktivitetane våre påverkar biologisk mangfald. Eit viktig tiltak for miljø og landskap er å avgrense arealbruken og at vi unngår inngrep i naturtypar, vegetasjon og område som er viktig for miljø og landskap. Målet for massehandtering og istandsetjing er at vegetasjonskleddet areal over tid skal verte så like områda rundt som mogleg.

Slik tek vi vare på naturen når vi byggjer

Topp- og undergrunnsmassar skal takast vare på og lagrast separat der det er mogleg, for å kunne brukast ved istandsetjing. Vegetasjon skal bevarast mest mogleg, og massar skal lagrast i eigna høgder og innanfor inngrepsområdet.

Terrang skal formast slik at det glir naturleg inn i omgivnadene, utan skarpe kantar. Skjeringar skal rundast av, og laust eller oppsprukke fjell skal fjernast.

Undergrunnsmasse vert lagt nedst og toppmassar øvst. Over sprengstein skal det leggjast eit mellomsjikt. Overgangar skal vere mjuke, overflata rufsete, og alle anleggsområde skal tilbakeførast ved slutføring.



Hogging av skog til fjernvarmeanlegg

Tussa sitt biobrenselanlegg, Ørsta Eldhus, leverer miljøvennleg varme til ei rekkje verksemdar i Ørsta sentrum.

Fullt utbygd leverer Ørsta Eldhus 10 GWh varme i året, hovudsakleg ved forbrenning av flis frå reint treverk og skogsvirke. Les meir om eldhuset her. Størsteparten av flisa er henta frå blanda skog i Volda og Ørsta kommune. Totalt for 2025 var det levert 15 052 kubikktonn flis frå Hornindal og Ørsta, 1 967 kubikktonn frå Ørskog (restkapp) og 270 kubikktonn frå Rudshøgda i Hedmark.



Kapittel 1. Miljø

Energi og klimagassutslipp

	Fornybar	Ikkje-fornybar	Sum	Eining
Elektrisitet	4 867 055,88	0	4 867 055,88	KWh
Brensel	0	146 092,09	146 092,09	Liter
Sum	4 867 055,88	146 092,09		

Klimarekneskap

Tussa sin klimarekneskap viser korleis verksemda vår påverkar klimaet, og gjer oss i stand til å måle framdrift og evaluere oss sjølve over tid.

Klimarekneskapen rapporterer direkte og indirekte utslippsmengder frå Tussa sine aktivitetar. Klimarekneskapen vert delt inn i tre scope, i samsvar med den internasjonale standarden The Greenhouse Gas Protocol (GHG). GHG-protokollen inkluderer seks skadelege klimagassar: CO₂ (karbondioksid), CH₄ (metan), N₂O (lystgass), SF₆ (svovelheksafluorid), HFK (hydrofluorkarbonar) og PFK (perfluorkarbonar). Desse vert konverterte til tonn CO₂-ekvivalentar.

Tussa utarbeidde sin første klimarekneskap i 2022, som dekte perioden januar til oktober, med estimerte data for november og desember. I 2023 omfatta klimarekneskapen heile kalenderåret og vart utarbeidd på konsernnivå.

I 2024 vart det laga eigne klimarekneskap for dei heileigde dotterselskapa, som er konsolidert inn i konsernet som heilheit. Det gir eit meir detaljert bilete av kvar utslappa oppstår, og kva aktivitetar som bidreg mest. Dette gir eit betre grunnlag for å identifisere relevante tiltak og utarbeide omstillingsplan. Samstundes er det utarbeidd ei meir komplett oversikt over utslipp i scope 3. Samanlagt gjer dette klimarekneskapen for 2024 meir omfattande enn tidlegare, og 2024 blir difor definert som Tussa sitt basisår, som framtidige klimarekneskap vert samanlikna med.

Scope 1:

Direkte klimagassutslipp. For Tussa inkluderer dette fossile brenslar som er relaterte til køyretøy, eigne køyretøy og energikjelder til produksjon av fjernvarme i Ørsta eldhus .

Tussa har utslipp frå fossile firmabilar, og har eit mål om å skifte ut bilparken til elbilar. Det vil redusere utslippet relatert til køyretøy.

Der var ikkje rapportert utslipp av SF₆ gass i 2025.

Scope1 utgjør 7,5 prosent av totalt utslipp.

Scope 2:

Indirekte utslipp som er relatert til elektrisitetsforbruket i eiga verksemd. Elektrisitetsforbruk vert framstilt som lokasjons- og marknadsbasert i tråd med GHG-protokollen. Utslipppet skuldast at Noreg er koplå til det europeiske kraftsystemet, som fører til at noko av kraftforbruket kjem frå ikkje fornybare energikjelder.

For 2025 har vi kjøpt opphavsgarantiar som dekkjer straumbruken til heile Tussa. Dette har ført til ein reduksjon i utslipp målt i tonn CO₂-ekvivalentar (tCO₂e) for året. Når ein kjøper opphavsgarantiar tilsvarande straumbruken sin, inneber det at straumen ein nyttar er garantert å kome frå 100 prosent fornybare kjelder, og det kan seiast å utgjere 0 CO₂e i utslipp (marknadsbasert metode). For lokasjonsbasert metode utgjør det 0,9 % av totalt utslipp.

² For fjernvarmeanlegget kjem 96 prosent av energiproduksjonen frå bioenergiflis, som er blant dei minst forureinande energikjeldene tilhøyrande fjernvarmeproduksjon. CO₂-utslipp fra biomassekjelder vert sett på som biogene og ekskludert frå utslippsinventaret i klimarekneskapen, da dei er ein del av det naturlege korte karbonkretsløpet, i motsetning til fossile karbonkjelder. Totalt utslipp tCO₂e frå energiproduksjonen av bioenergiflis var på 6 262.

Scope 3:

I 2025 er følgjande kategoriar inkludert:

- 3.1 Innkjøpte varer og tenester
- 3.2 Kapitalvarer
- 3.3 Drivstoff- og relaterte aktivitetar
- 3.4 Oppstraums transport
- 3.5 Avfallshandtering
- 3.6 Forretningsreiser
- 3.7 Pendling til/frå arbeidsplassen
- 3.8 Oppstraums leasa eigedelar
- 3.13 Nedstraums leasa eigedelar

Totalt utslepp for scope 3 utgjør 91,7 prosent av Tussa sitt totale utslepp.

Oppsummering


Figuren viser oversikt over utsleppa i dei ulike scopa. Det er i verdikjeda Tussa har dei største utsleppa, noko som også er vanleg blant andre verksemdar.

Oversikt utslepp totalt:

Utslepp per scope	tCO ₂ e
Scope 1	499
Scope 2	58
Scope 3	6 125
Totalt utslepp	6 682

Framtidige tiltak og omstilling

I 2025 er vi i ferd med å etablere ein omstillingsplan med mål om reduksjon av klimagassar i konsernet. I desember 2025 vart vår forpliking til SBTi godkjent. Meir om dette under kapittel Klimagassreduksjon og omstilling.



Detaljert oversikt over klimarekneskap 2025 samanlikna mot basisår 2024:

Aktivitet	Utslepp basisår 2024 (tonn CO ₂ e)	Utslepp 2025 (tonn CO ₂ e)	Endring (tonn CO ₂ e)	"Endring (%)"
Scope 1 Direkte utslepp				
1.1 Direkte utslepp	147	180	33	22,4 %
1.2 Stasjonær forbrenning	288	319	31	11 %
Sum direkte utslepp:	435	499	64	15 %
Scope 2 Energiforbruk				
Energiforbruk (scope 2), lokasjonsbasert				
2.1 Elektrisitet	69	58	-11	-15,9 %
Sum energiforbruk lokasjonsbasert:	69	58	-11	-16 %
Energiforbruk (scope 2), marknadsbasert				
Elektrisitet	0	0	0	0 %
Sum energiforbruk marknadsbasert:	0	0	0	0 %
Scope 3 Indirekte utslepp				
3.1 Varer og tenester	3 266,00	3 606	340,00	10 %
3.2 Kapitalvarer	1 785,00	2 046	261,00	15 %
3.3 Drivstoff og energirelaterte aktivitetar	213,00	218	5,00	2 %
3.4 Oppstraums transport	80,00	20	-60,00	-75 %
3.5 Avfallshandtering	17,00	14	-3,00	-18 %
3.6 Forretningsreiser	176,00	70	-106,00	-60 %
3.7 Tilsette si pendling til/frå arbeidsplassen	167,00	123	-44,00	-26 %
3.8 Oppstraums leasa eigedelar	20,00	26	6,00	30 %
3.13 Nedstraums leasa eigedelar	0,00	2	2,00	0 %
Sum indirekte utslepp (scope 3):	5 724	6 125	401	7 %
Sum				
Totalt utslepp (kgCO₂e), lokasjonsbasert	6 228	6 682	454	7 %
Totalt utslepp (kgCO₂e), marknadsbasert	6 159	6 624	465	8 %

Totalt har det vore 7 prosent auke (lokasjonsbasert metode) i tCO₂e.

Dette kan forklarast med at Tussa har hatt ein organisk vekst. Vi har kjøpt opp to selskap som dermed har auka både tal på tilsette, omsetjing og kostnader.

Brutto klimagassutslepp for heile konsernet (tCO₂e/GWh) 6,9368 tCO₂e

Klimarisiko

Tussa har ikkje gjennomført ei fullstendig analyse av klimarelaterte farar og klimarelaterte omstillingshendingar per 2025.

Biologisk mangfold og natur

Arealrekneskap og nærleik til sensitive område eller artar

Kort oversikt over kartlagt arealbruk og naturpåverknad i nærleiken av kraftverka våre:

Opplys om tal stadar og areal av område som verksemda eig, leiger eller forvaltar i eller nær eit område som er sensitivt for biologisk mangfold:				
Stad	Areal (hektar) Nedslagsfelt i km ²	Område med sårbart biologisk mangfold	Spesifikasjon (lokalisert i eller nær eit område med sårbart biologisk mangfold)	Kjelde
Land – område 1	13 km ²	Gjerdsvika	Hekkeplass raudlista fugleart	Ornitolog
Land – område 2	62 km ²	Kolfossen	Ål i vassdrag	Artsdatabanken/NVE Nevina
Land – område 3	41 km ²	Kopa	Sårbare fugleartar	Artsdatabanken/NVE Nevina
Land – område 4	20 km ²	Osdalen	Sårbare fugleartar	Artsdatabanken/NVE Nevina
Land – område 5	12 km ²	Dalane	Granmeis	Artsdatabanken/NVE Nevina
Land – område 6	18 km ²	Innvik kraftverk	Sårbare fugleartar	Artsdatabanken/NVE Nevina
Land – område 7	57 km ²	Tussa	Sårbare fugleartar/ingenting	Artsdatabanken/NVE Nevina
Land – område 8	15 km ²	Urke	Sårbare fugleartar	Artsdatabanken/NVE Nevina
Land – område 9	10 km ²	Trandal	Sårbare fugleartar	Artsdatabanken/NVE Nevina
Land – område 10	23 km ²	Bjørdal	Sårbare planter	Artsdatabanken/NVE Nevina
Land – område 11	36 km ²	Vatne	Elvemusling	Artsdatabanken/NVE Nevina
Land – område 12	3 km ²	Bruelva	Sårbare fugleartar - gammal observasjon	Artsdatabanken/NVE Nevina
Land – område 13	11,3 km ²	Vedeld	Sårbare fugleartar	Artsdatabanken/NVE Nevina
Land – område 14	5 km ²	Neset	Sårbare fugleartar/ål	Artsdatabanken/NVE Nevina
Land – område 15	7,4 km ²	Ulsteindalen	Sårbare fugleartar/ål	Artsdatabanken/NVE Nevina
Land – område 16	32 km ²	Fausa	Trua fugleartar	Artsdatabanken/NVE Nevina
Land – område 17	29 km ²	Sørbrandal	Sårbare fugleartar	Artsdatabanken/NVE Nevina
Land – område 18	8,3 km ²	Fausa mini	Trua fugleartar	Artsdatabanken/NVE Nevina

Forklaring til tabellen:

Arealet til kvart enkelt kraftverk er henta frå NVE sitt Nevina for nedbørsfelt. Dette er eit estimat og det tek ikkje med arealet nedstraums inntaket til kraftverket og heller ikkje nedstraums utløpet av kraftverket. Kartlegginga av sårbare artar vart gjort

ved hjelp av artsdatabanken sitt artskart der det vart sortert på sårbar, sterkt trua og kritisk trua. Om det var registrert ein art med ein av desse klassifiseringane innanfor området til kraftverket/ nedbørsfeltet til kraftverket, vart dette registrert i lista.

Kapittel 2. Sosiale forhold

Tussa har eit godt arbeidsmiljø. Vi har gjennom åra retta stor merksemd mot HMS-arbeidet og legg vekt på å arbeide systematisk. Vi legg til grunn at både fysisk- og psykososialt arbeidsmiljø er viktig. Kulturen er prega av eit uformelt og inkluderande arbeidsmiljø, der både sjølvstende og personleg utvikling vert vektlagt. Vi tek vare på menneskerettar, opptre ansvarleg og gir rettvise arbeidsvilkår, samstundes som vi jobbar for å utvikle og forbetre oss. Systematisk arbeid, gode system og retningslinjer er til god støtte i arbeidet.

Dette kapittelet inkluderer også krava knytt til ARP (aktivitets- og rapporteringsplikt etter likestillings- og diskrimineringslova).


Eigen arbeidsstyrke, kjønnsbalanse

Talet på tilsette har auka i 2025, både grunna fusjonar og nyrekrutteringar i samband med vekst. Vi har svært låg utskifting, noko som tyder på gode arbeidsvilkår og høg trivsel. Låg kvinnetilsette er ei kjend utfordring i bransjane som Tussa representerer og er eit prioritert område i rekrutteringsstrategien vår.

Tabellen viser kjønnsbalanse, faste og mellombels tilsette fordelt på selskap. Av dei mellombels tilsette er hovuddelen lærlingar. Totalt har Tussa 23 lærlingar i elektrofag og ein lærling i IKT-fag. Tre av lærlingane er kvinner.

Pr. 31. desember 2025	Fast tilsette			Kvinnetilsette	Mellombels tilsette			Fast + mellombels			Kvinnetilsette
	K	M	SUM	%	K	M	SUM	K	M	Samla	%
Tussa Kraft	18	5	23	78 %	0	1	1	18	6	24	75 %
Tussa Energi	4	27	31	13 %	2	0	2	6	27	33	18 %
Tussa IKT	9	101	110	8 %	4	2	6	13	103	116	11 %
Tussa Installasjon	5	105	110	5 %	3	23	26	8	128	136	6 %
Konsern	36	238	274	13 %	9	26	35	45	264	309	15 %

K = kvinner, M = menn



Ecaterina Prostomolotova, kundesamarbeidar i Tussa IKT.

Deltid

Der er få deltidstilsette i Tussa. Tussa IKT sitt kundesenter har deltidstilsette som kombinerer arbeid med studiar. I tillegg har vi tilsette med redusert stillingsprosent grunna helse eller omsorgsoppgåver. Alle deltidsstillingane er frivillige.

	DELTIDSARBEID			
	Faktisk deltidсарbeid		Ufrivillig deltidсарbeid	
FASTE TILSETTE	K	M	K	M
Tussa Kraft AS	1	0	0	0
Tussa Energi AS	0	1	0	0
Tussa IKT AS	3	2	0	0
Tussa Installasjon AS	1	5	0	0
Totalt	5	8	0	0

K = kvinner, M = menn



Kommunikasjonsavdelinga i Tussa Kraft, Irene Holm, Britt Skurtveit Østgaard, Ann Kristin Einbu, Siw Rotevatn Vikene og Kristina Hovdenakk.

Styre og leiargrupper

Tussa har ein låg kvinnedel i dei fleste selskapa. Likevel er kvinnene godt representerte i styre, leiargrupper og særleg konsernleiargruppa.

Tal for likestilling i Tussa	Samla tal	Tal kvinner	Tal menn	Kvinnedel i %
Styreverv i Tussakonsernet	24	9	15	38 %
Konsernleiinga	6	3	3	50 %
Leiargruppene i dei ulike selskapa	20	4	16	20 %
Personalansvar	39	7	32	18 %
Tal lærlingar	24	3	21	13 %
Tal fast tilsette	274	36	238	13%

Foreldrepermisjon

Berre menn har tatt ut foreldrepermisjon i 2025. Tussa har fleksible arbeidstidsordningar og permisjonsvilkår som gjer at både kvinner og menn kan kombinere jobb og familie på ein god måte. Høve til heimekontor gir også fleksibilitet.

Tal tilsette med permisjon og gjennomsnittleg tal veker i dei ulike selskapa:

Selskap	Kvinner	Menn	Sum	Lengd
Tussa Kraft	0	0	0	0
Tussa Energi	0	1	1	15 veker
Tussa IKT	0	5	5	10,5 veker i snitt
Tussa Installasjon	0	8	8	11,8 veker i snitt
Sum konsern	0	14	14	11,6 veker i snitt

Eiga arbeidsstyrke, HMS

Arbeidsmiljøet i Tussa vert skildra som godt. Vi har gjennom åra retta stor merksemd mot HMS-arbeid og legg vekt på både det fysiske- og psykososiale arbeidsmiljøet. Alle medarbeidarar er knytt til bedriftshelseteneste som leverer tenester retta både mot individ og bedrift.

Skadar

I 2025 vart det rapportert inn 12 saker i avvikssystemet som gjeld HMS. To er skadar der medarbeidaren måtte til lege. Dei andre hendingane kravde ikkje medisinsk behandling og er difor registrerte under kategorien uønskte hendingar. Av desse 10 var tre kategorisert som nestenulukker. Totalt hadde vi 73 fráværds dagar knytt til skadar i 2025. Tabellen under viser ulykkesfrekvens og fráværdsfrekvens knytt til skadar.

Nemning	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
H1-verdi (ulykkesfrekvens)	0	9,3	8,6	5,9	5,8	8,5	0	11,4	7,9	0	1,9
F-verdi (fráv.frekv. pga. skadar)	482,7	80,2	100,8	234,7	43,5	388,1	0	143,3	36,88	0	142
Registrerte arbeidsulykker	3 (+2)	3	2	3	3	4	0	2	3	1	1
Frávær pga. arb.ulykker (dagar)	162	26	29	79	15	137	0	25	14	0	73

H1-verdi = Ulykkesfrekvens = tal skadar med frávær/arbeidde timar totalt x 1 000 000

F-verdi = Fráværdsfrekvens = tal fráværds dagar pga. skade/arbeidde timar totalt x 1 000 000

Sjukefrávær

Som arbeidsgjevar har vi eit ansvar for å redusere medarbeidarane si fysiske og psykiske belastning slik at vi unngår skade/sjukdom. Tussa har vore IA-verksemd sidan 2002 og har i ei årrekke arbeidd systematisk med å førebyggje og følge opp sjukefrávær. Tett dialog, tilrettelegging og utstrekkt bruk av gradert sjukmelding er gode hjelpemiddel i sjukefráværsarbeidet.

Selskap	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Tussa Kraft	10,1	4,7	5,1	3,7	2,7	3,5	2,6	4	3,3	2,5	4,4
Tussa Energi	3,0	4,1	1,9	2,7	8,6	3,4	3,7	1,5	3,6	2,4	6,6
Tussa IKT	2,0	2,8	3,7	1,9	2,9	2,4	2,1	4,1	3,6	4,6	4,3
Tussa Installasjon	6,4	3,4	4,8	5,9	5,4	6,2	5,3	4,6	3,1	5,5	4,3
Totalt sjukefrávær	5,5	3,7	4,5	4,4	4,7	4,3	3,8	4,3	3,3	4,7	4,4

Eigen arbeidsstyrke – Løn, arbeidsvilkår, organisasjonsgrad og opplæring

Tussa sitt mål er å vere ein arbeidsplass der det rår full likestilling mellom kvinner og menn. Trakassering, diskriminering eller anna upassande framferd er ikkje akseptert. Likehandsaming som prinsipp er forankra i verksemda sine styrande dokument og vi har retningsliner som skal sikre at medarbeidarane ikkje vert utsett for diskriminering.

Personalpolitikken er kjønnsnøytral og skal sikre likehandsaming både når det gjeld kjønn, funksjonsevne og etnisitet. Tilbod om gode og liknande skal vere tilgjengeleg for alle medarbeidarane i Tussa.

Det vert årleg gjennomført ei medarbeidarundersøking, der vi mellom anna undersøker om tilsette har sett eller opplevd mobbing/trakassering eller former for forskjellsbehandling. Det er etablert rutinar for å varsle om kritikkverdige forhold.

Løn og arbeidsvilkår

Tussa tilbyr konkurransedyktige vilkår, gode pensjons- og forsikringsordningar og føreseielege arbeidstilhøve. Alle tilsette har løn over minsteløn, og arbeidsvilkåra er forankra i gjeldande lov- og avtaleverk. Lønspolitikken er kjønnsnøytral og løna vert fastsett etter stillinga si tyngd. Det vert gjennomført lokale forhandlingar kvar haust og i samband med dette vert det gjennomført analysar for å sikre at der ikkje er utilsikta lønsskilnader. Fagorganisasjonane får tilgang til lønslister på eigne medlemar.

I samsvar med krava i ARP skal det leggjast fram rapport på lønsskilnad i prosent minst annakvart år. Tussa vil rapportere dette i 2026.

Tussa er bundne av tariffavtale med Tekna, Nito, Delta og EI og IT. Ein stor del av dei tilsette er fagorganiserte, i nokre selskap er opp mot 90 prosent organiseringsgrad. Tillitsvalde og administrasjon har godt samarbeid både på selskapsnivå og konsernnivå. Faste møter og open dialog bidreg til eit ope, inkluderande og trygt arbeidsmiljø.

Opplæring/kompetanse

Tussa er eit kunnskapsintensivt konsern der fagleg utvikling og kontinuerleg læring er ein sentral del

av arbeidsgivarpolitikken. Vi er ei stor lærebedrift i regionen med over 20 lærlingar i arbeid til ei kvar tid. Fleire av faga er i rivande utvikling, og det vert arbeidd aktivt for å halde medarbeidarar oppdaterte på framtidige løysingar. Tussa har ordningar både for intern og ekstern kompetanseheving, medrekna sertifiseringar. Vi har for få data til å få eit godt bilete knytt til opplæringstid mellom kvinner og menn då dette skil seg meir mellom ulike faggrupper enn mellom kjønn.

Eigen arbeidsstyrke, retningsliner og prosessar for menneskerettar

Verksemda har etiske retningsliner og eigne varslingskanalar for dei tilsette. Les meir om etiske retningsliner for tilsette på [tussa.no](https://www.tussa.no)

Eigen arbeidsstyrke, alvorlege negative brot på menneskerettar

Det har ikkje vore innrapportert eller stadfesta hendingar knytt til: barnarbeid, tvangsarbeid, menneskehandel eller diskriminering i eigen arbeidsstyrke i rapporteringsåret.

Tiltak og oppfølging

Tussa arbeider systematisk og målretta med dei sosiale forholda. Arbeidet er kontinuerleg og for 2025 kan det særskild nemnast :

- Låg kvinneandel er ei utfordring i fleire bransjar og ønskje om å styrke kvinne delen er eit kontinuerleg arbeid. Vi nyttar kjønnsnøytrale stillingsannonser og oppmodar underrepresenterte grupper til å søkje. Vi legg vekt på dette ved lærlinginntak.
- Vi har tatt del på rekrutteringsmesser og har vore i samarbeid med skular i regionen for å få fleire jenter til å velje utdanningsveggar som kan gjere Tussa til ein aktuell framtidig arbeidsplass.



- Tussa Installasjon har innført støtteordning knytt til å ta teknisk fagskule på deltid for å stimulere til kompetanseutvikling i kombinasjon med arbeid.
- Det er gjennomført lovpålagt opplæring i arbeidsmiljø for tilsette med nye roller innan HMS arbeid (verneombod, medlem i BAMU).
- Det er gjennomført lovpålagde førstehjelp/FSE kurs.
- Vi har innført nytt system for medarbeidarundersøking som gir oss betre høve til å kartlegge og overvake sosiale forhold.

Dei etablerte tiltaka er vurderte som tilstrekkelege og planlagde tiltak for komande år er:

- Ekstra merksemd på sjukefråvær i 2026. Arbeide for å etablere eit tettare samarbeid med lege/NAV og finne gode løysingar både for den tilsette og verksemda.
- Sjekke om det finst system som kan effektivisere arbeidet med kartlegging, evaluering og overvaking av sosiale forhold i eiga arbeidsstyrke.

Arbeidarar i verdikjeda

Tussa har rutinar og etiske retningslinjer som gjeld menneskerettar og sømelege arbeidsforhold, både for eigne tilsette og for tilsette i verdikjeda. Retningslinene vert reviderte kvart år og gjeldande retningsliner er reviderte og godkjent av styret i Tussa kraft den 13.06.2025.

For meir utfyllande informasjon sjå rapportar etter openheitslova her:

<https://www.tussa.no/om-tussa/ansvar/openheitslova>

Forventningar og krav til leverandørar

Leverandøren skal følgje Tussa sine etiske retningslinjer, internasjonalt kjende konvensjonar og elevante nasjonale lovar i heimlandet sitt, i tillegg til norske lover når leverandøren opererer i Norge.

I tillegg forventar vi at leverandøren arbeider for å nå FN sine berekraftsmål, og bidreg til reduksjon av utslepp av klimagassar.

Dersom leverandøren nyttar underleverandørar, pliktar leverandøren å sikre at dei etiske retningslinjene vert vidareførte gjennom heile kontraktskjeda. Leverandøren skal kunne dokumentere korleis dette vert etterlevd.

Vi kjenner ikkje til stadfesta hendingar som inneber arbeidarar i verdikjeda, råka lokalsamfunn, forbrukarar eller sluttbrukarar for rapporteringsåret 2025.

Kapittel 3. Verksemdstyring

Tussa gjennomfører risikobaserte aktsemdvurderingar i tråd med openheitslova, OECD sine retningslinjer og FN sine rettleiande prinsipp for å sikre respekt for menneskerettane og førebyggje korrupsjon. Arbeidet omfattar systematisk risikokartlegging i verdikjeda, etiske retningslinjer, opplæring av tilsette og etablerte rutinar for varsling og handtering av kritikkverdige forhold. Tussa er som norsk verksemd forplikta til å opptre ansvarsfullt, transparent og i samsvar med god forretningskikk.

Gjennom openheit, høg etisk standard og kontinuerlege aktsemdsvurderingar skal Tussa sikre menneskerettane og motverke korrupsjon i heile verdikjeda.

Tussa er medlem av UN Global Compact Noreg og er forplikta til prinsippa for menneskerettar, arbeidsliv, miljø og antikorrupsjon, i tillegg til å bidra til oppfølging av FN sine berekraftsmål. Verksemda rapporterer årleg om framdrift og gjennomførte tiltak.

Statusrapportering

Domfellingar eller bøter for brot på antikorrupsjon- og antibestikkingslovar:

Nei

Sektorvurdering:

- Kontroversielle våpen: Nei
- Fossilt brensel (kol, olje, gass): Nei
- Kjemikalieproduksjon (plantevernmiddel o.a.): Nei

Ekskludert frå EU-referanseindeksar som følgjer Paris-avtalen:

Nei

Eigarstyring og selskapsleiing

1. GENERELT OM EIGARSTYRING OG SELSKAPSLIING I TUSSA

Prinsippa for eigarstyring og selskapsleiing regulerer rolledelinga mellom eigar, styret og leiinga utover det som er gitt av føringar i aksjelova. I utarbeidinga av dette dokumentet er det lagt til grunn den norske tilrådinga om eigarstyring og selskapsleiing (corporate governance) av 14. oktober 2021 så langt som det er relevant og passar med Tussakonsernet sin organisasjon.

På dei områda tilrådinga ikkje er følgt blir avvika forklart. Hovudårsakene til avvik er at Tussa Kraft AS (Tussa) ikkje har børsnoterte aksjar eller obligasjonar, at selskapet har ein avgrensa aksjonærkrins og at eigarskap til vassfall er lovregulert. I det etterfølgjande er det laga eit oppsett som omtalar situasjonen i Tussakonsernet. Omtalen følgjer kapittelinnendinga i den norske tilrådinga for eigarstyring og selskapsleiing.

2. VERKSEMD

Tussa Kraft er morselskap i eit konsern med fleire dotterselskap. Alle er aksjeselskap og soleis regulert etter "Lov om aksjeselskap". Tussa si verksemd er nedfelt i vedtekter og i den overordna strategien for konsernet, og er vidare utdjupa i dotterselskapa sine vedtekter og selskapsplanar. Kvart år blir det utarbeidd ein årsplan for arbeidet i styret, der styret sitt strategiske ansvar er vektlagt.

Samfunnsansvar

Tussa skal skape resultat der etikk, menneske og miljø er klare rammer for aktiviteten. Resultata som blir skapt skal fordelast i samsvar med lov, etter rettferdige prinsipp mellom interessentane og på tiltak som er forsterkande for selskapet i framtida.

Tussa driv eit systematisk HMS-arbeid med opplæring og oppfølging for å minimere sjukefråvær og skadar. Dei interne regelverka og vala våre er nøytrale når det gjeld kjønn og etnisk bakgrunn.

For å byggje ut energiressursar og linjer krevst det mange offentlege løyve. Til løyva er det vanlegvis gitt vilkår. Vi har ikkje siste året fått pålegg frå styresmaktene knytt til brot på løyva våre.

Berekraft

Tussa har rigga seg for å rapportere på berekraft etter EU krava CSRD, og har styrka arbeidet med berekraft gjennom tilsetting av berekraftsansvarleg i selskapet. I samband med at EU no har sendt ut signal om redusert rapportering for selskap mindre enn 1000 tilsette vil Tussa tilpasse rapporteringa til dette. Vi kjem til å rapportere etter standarden VSME som står

for Voluntary Sustainability Reporting Standard. Dette er den noko forenkla standarden som no blir tilrådd frå EU for selskap som ikkje lenger er omfatta av CSRD og taksonomi. Openheitslova inneber at vi skal stille strenge krav til leverandørane våre om at etiske retningslinjer for menneskerettar i leverandørkjeda ikkje blir brote. I 2022 vart alle operative selskap i konsernet sertifisert etter ISO 14001-miljøleiing som ein lekk i eit kontinuerleg forbetningsarbeid på miljøområdet.

3. SELSKAPSKAPITAL OG UTBYTE

Bokført eigenkapitalprosent var på 50,8 % ved utgangen av 2025. Selskapet har også verdiar som ikkje kjem til uttrykk i rekneskapsbalansen noko som svært truleg medfører at den verkelege eigenkapitalprosenten er vesentleg høgare enn det årsrekneskapan syner. Utbytepolitikken er omtala i styret si årsmelding.

Tussa Kraft AS har ein avgrensa aksjonærkrins og det er ikkje aktuell politikk å delegere generell fullmakt til styret for å gjennomføre kapitalutvidingar eller til å dele ut utbytte.

4. LIKEHANDSAMING AV AKSJONÆRAR

Det har ikkje vore transaksjonar i konsernet i 2025 der likehandsaming av aksjonærar har vore ei problemstilling.

5. OMSETJELEGE AKSJAR

Tussa Kraft AS har to aksjeklasser. Grunnen til det er omsynet til industrikonsesjonslova sine vilkår for evigvarande konsesjonar som krev minst 2/3 offentleg eigarskap. Av den grunn er det vedtektsfesta at det berre er kommunar og fylkeskommunar som kan eige aksjeklassa med 2/3 av aksjane. Dei resterande aksjane er det ikkje sett eigarskapsvilkår til og elles er klassane likestilte.

Tussa Kraft AS er ikkje børsnotert og aksjonærkrinsen er avgrensa. I tillegg er det berre det offentlege som kan eige 2/3 av aksjane. Vedtektene har ikkje vilkår om forkjøpsrett ved omsetjing av aksjar. Eventuell overdraging av aksjar er på vilkår av at styret har godkjent overdraginga.

6. GENERALFORSAMLING

Ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av april og blir kalla inn med to veker varsel for ordinære saker. For vedtektsendringssaker er fristen 2 månader for å sikre ei god sakshandsaming hos eigarane. Med innkallinga følgjer i hovudsak saksframstillinga som er lagt fram for styret og fullmaktskjema. Vidare følgjer valnemnda sitt framlegg til styremedlemer. I samband med at valnemnda startar arbeidet sitt blir alle aksjonærane orienterte, gjennom brev, 2 månader før generalforsamlinga.

Det er ikkje påmeldingsfrist for å møte i general-

forsamlinga. Dei som møter ved opninga har rett til å delta i generalforsamlinga si handsaming, og aksjonærar kan gi fullmakt til å la seg representere.

Med ein avgrensa aksjonærkrins og god deltaking på tidlegare generalforsamlingar, er det ikkje lagt opp til røysting med elektronisk kommunikasjon.

Styret, valnemnd og revisjon er representert i samsvar med aksjelova sine reglar og vanlegvis er det representantar frå alle desse organa i den ordinære generalforsamlinga.

Møteleiar blir valt av generalforsamlinga og vil då vere så uavhengig som generalforsamlinga ønskjer det.

7. VALNEMND

Valnemnda er valt av generalforsamlinga etter framlegg frå styret og er vedtektsfesta. I valnemnda er det ikkje representantar for styret eller leiinga. I tillegg til styrekandidatar kjem valnemnda med framlegg til godtgjering av styremedlemer. Valnemnda sitt arbeid er regulert i eigen instruks som mellom anna skal sikre at aksjonærane blir godt informerte om valprosessen.

8. STYRET, SAMANSETJING OG FRIE STILLING

Styret i Tussa Kraft AS har 11 medlemer, 7 er valt av aksjonærane og 4 er valt mellom tilsette. I samsvar med aksjonærvtale mellom alle aksjonærane skal det fokuserast på å setje saman eit styre som skal ivareta aksjonærfellesskapan sine interesser og selskapet sitt behov for kompetanse, kapasitet, kontinuitet og mangfald.

Aksjonærvtalen sikrar også at mindre aksjonærar åleine eller gjennom samarbeid med andre har rett til å nominere styremedlemer.

Det er inngått avtale med dei tilsette sine organisasjonar om ikkje å opprette bedriftsforsamling. I samsvar med dette har tilsette fått ein ekstra styremedlem, og styret vel styreleiar.

Ingen av styret sine medlemer har personlege interesser knytt til forretningar med Tussa.

Ingen av aksjonærvalde styremedlemer utfører andre oppgåver for Tussa.

Den daglege leiinga er ikkje medlem i styret.

9. STYRET SITT ARBEID

Kvart år blir det utarbeidd ein årsplan for arbeidet i styret, der styret sitt strategiske ansvar er vektlagt. Styret har nedsett eit kompensasjonsutval på 3 medlemer som skal kome med innstilling til styret på godtgjering til konsernsjefen og retningslinjer for leiande tilsette si løn.

Det er ikkje oppretta revisjonsutval i konsernet. Rolla som eit eventuelt revisjonsutval skulle følgje, er ivareteke av styret.

Dersom styremedlemer har personlege interesser i avtalar som blir inngått med selskapet, skal dei informere om det og dei vil bli inhabile ved handsaming av slike saker i samsvar med styreinstruks. Ingen slike saker har vore handsama siste året.

10. RISIKOSTYRING OG INTERN KONTROLL

Overordna planar og strategiar blir revidert årleg i styret. Rapportar om den økonomiske utviklinga blir lagt fram for styret systematisk gjennom året. I tillegg til den finansielle rapporteringa blir det lagt fram rapportar om HMS-tilstanden, her under ein eigen årsrapport for HMS-området. I samsvar med krav som Tussa er underlagt som energiverk er det gjennomført risiko- og sårbarheitsvurderingar.

11. GODTGJERING TIL STYRET

Styremedlemer er honorert med eit fast årleg beløp som blir fastsett på generalforsamlinga i april etter tilråding frå valnemnda og gjeld fram til neste ordinære generalforsamling. Ingen av styremedlemane eller nærstående til styremedlemer sel varer eller tenester til konsernselskap.

12. GODTGJERING TIL LEIANDE TILSETTE

Konsernsjefen har fastløn og har ikkje bonusavtale.

Styret fastset konsernsjefen si løn og retningslinjer for leiande tilsette si løn etter tilråding frå kompensasjonsutvalet.

Det blir orientert om konsernsjefen og andre direktørar si løn i samsvar med krav i lovverket. Då det ikkje er avtalt resultatavhengig honorar, løn eller bonus verken for styret, konsernsjefen eller andre leiande tilsette, er det ikkje lagt fram eiga sak for generalforsamlinga om løna.

13. INFORMASJON OG KOMMUNIKASJON

Tussa rapporterer til aksjonærane, långjevar og pressa tertialvis om utviklinga i konsernet. I tillegg til dei formelle møteplassane med aksjonærane (generalforsamling) blir det halde systematiske orienteringsmøte for aksjonærane både i fellesskap og einskildvis med like tilbod til alle aksjonærane.

14. OVERTAKING

Dette punktet er ikkje relevant for Tussa.

15. REVISOR

Tussa brukar Tell som revisor i morselskapet og i alle heileigde dotterselskap. Revisor legg plan for revisjonshandlingar og deltek i styret sitt arbeid etter behov. Revisor deltek på eitt styremøte i året i samband med avslutting av årsrekneskapan. Revisor sitt honorar fordelt på lovpålagte oppgåver og konsulentoppdrag er presentert i note til rekneskapan.

Tussa Kraft

Tussa Kraft er morselskapet i Tussakonsernet, og yter tenester innan økonomi, finans, innkjøp, berekraft, personal, kontoradministrasjon og kommunikasjon til dotterselskapa. Tussa Kraft har hovudkontor i Hovdebygda i Ørsta kommune.

NOKRE HENDINGAR I 2025

- Tussa sitt 75-årsjubileum vart markert i mars, med personalsamling for alle medarbeidarane
- Den årlege trivselsmålinga viste at Tussa har god medarbeidartrivsel. På spørsmål om medarbeidarane vil anbefale arbeidsplassen sin til andre, er skåren særst god
- Nemko gjennomførte revisjon av Tussa sitt ISO 14001 miljøleingsystem, og sertifikatet vart fornya
- Vi tok imot skuleklasser på omvising i bygga og anlegga våre for å auke kunnskapen om energi- og teknologibransjen og yrkesmoglegheiter hos oss. Vi deltok på rekrutterings- og yrkesmesser både lokalt og nasjonalt, mellom anna Bli med hit
- 10 skular i regionen fekk støtte til nettvetføredrag med Barnevakten, der målet er å gjere barn og unge til trygge og medvitne mediebrukarar
- Vi delte ut sponsormidlar til om lag 200 lag og organisasjonar i kommunane på søre Sunnmøre, Stryn og Stranda. Tussa berekraftsfond vart delt ut til Gjerdsvika IL, Søstrene Mel, Brandal Vel, Kvamsøy IL og Fairtrade Volda og Ørsta

FORRETNINGSIDE

Tussa skal drive forretningsverksemd med utgangspunkt i produksjon, overføring og omsetning av energi- og kommunikasjonsprodukt. Varer og tenester skal vere basert på Tussa sin infrastruktur eller kjernekompetanse.

VISJON

Tussa – med kraft til å skape miljøvennlege og framtidsretta løysingar.



Organisasjonssjef Nina Melle Scharning og kommunikasjonssjef Ann Kristin Einbu i Tussa Kraft.

Tilsette

Selskap	Tal fast tilsette	Kvinner	Menn	Del kvinner	Gj.snittsalder
Tussa Kraft AS	23	18	5	78 %	53
Tussa Energi AS	31	4	27	13 %	49
Tussa IKT AS	110	9	101	8 %	44
Tussa Installasjon AS	110	5	105	5 %	40
Totalt	274	36	238	13 %	44

Tussa Energi

Tussa Energi har 28 heileigde kraftverk og er deleigar i eitt kraftverk. Kraftverka har ein samla gjennomsnittleg produksjonskapasitet på om lag 813 GWh i året. I tillegg til vasskraftproduksjon har Tussa Energi eit biobrenselanlegg. Tussa Energi er aktør på den nordiske kraftbørsen NordPool.

Utvikling i 2025

Det har vore høg oppetid dei siste åra og lite driftsavbrot som følgje av feil i eigne anlegg. I all hovudsak gjeld dette også for 2025.

Denne sommaren fekk vi omlag 8 GWh vasstap ved Tussa kraftverk. Sidan spotprisen var låg, avventa vi produksjonen, og med svake og til dels negative prisar i intradagmarknaden, kjøpte vil tilbake produksjon, og tok noko større overløpsrisiko enn normalt. Vi hadde også ein lengre revisjon på generator 1 i Tussa kraftverk, noko som også auka overløpsrisikoen. Resultatet vart overløp, men dei tapte vassmengdene hadde låg verdi.

Vi produserte 867,1 GWh elektrisk kraft i 2025. Til samanlikning vart det produsert 746 GWh i 2024. Gjennomsnittleg spotpris i området vårt (NO3) var 24,7 øre/kWh i 2025, mot 32,6 øre/kWh i 2024. Samla oppnådd pris i alle marknader vart 32,5 øre.

Tussa Energi	Tal i mill.		
Rekneskapstal	2025	2024	2023
Driftsinntekter	351,3	392,1	474
Driftskostnade	271,7	288,5	290,7
Driftsresultat	79,6	103,6	183,3
Netto finans	-11,3	-26,1	-28,9
Resultat før skatt	68,3	77,5	154,5

Sunnmøre Energi			
Rekneskapstal	2025	2024	2023
Driftsinntekter	23,9	24,7	38,2
Driftskostnader	10,7	10,3	8,2
Driftsresultat	13,2	14,4	30
Netto finans	4,9	5,2	4,1
Resultat før skatt	18,1	19,6	34,1

Nye prosjekt og rehabilitering av kraftverk

I løpet av året rehabiliterte vi Nesset kraftverk frå 1947, med eit påbygg for å huse ny turbin. Dette aukar effekten frå 0,4 MW til 0,92 MW, og produksjonen frå 2,5 til 3 GWh.

For å stette krava i damføreskrifta oppgraderte vi dammen i Sædalsvatnet med mellom anna ny plastring og nytt overløp.

Vi er i gang med å byggje to småkraftverk: Skårelva i Ørsta kommune (0,99 MW/4,7 GWh) og Røyhus i Stranda kommune (2,0 MW/5,9 GWh). Dei blir produksjonsklare våren 2026.

Krafthandel og produksjonsstyring

Året starta med magasinifilling på om lag 96 prosent og enda med 78 prosent av normalfylling. Fyllingsnivået ved årsskiftet kan samanliknast med dei ti siste åra, der nivåa har variert mellom 56 og 96 prosent.

2025 var vått, med stor sommarnedbør heilt fram til hausten. Seinhaustes vart det tørrare vêr, noko som gav høgare prisar, og magasin vart tappa mot nyttår. Totalt produserte vi 867,1 GWh i 2025. Det er 106,7 prosent av eit normalår.

Tussa Energi er utsett for prisrisiko både i samband med kjøp og sal av elektrisk kraft. I kraftmarknaden vil prisar og produksjon variere mykje avhengig av mellom anna vêret og tilgangen på vatn i magasin. For å redusere prisrisikoen har vi ein sikringsstrategi, som seier at inntil 10 prosent av normalproduksjonen kan sikrast. Siste åra har det ikkje vore gode sikringsinstrument i marknaden, og det vart difor ikkje gjort produksjonssikringar i 2025. Gjennom året er det heller ikkje gjort sikringar for 2026 og vidare.

Samla oppnådd totalpris for den produserte krafta, utan elsertifikat og andre grøne tillegg, vart 32,5 øre/kWh i 2025 mot 43,9 i 2024. At oppnådd pris ligg over spotpris, skuldast målretta produksjonsplanlegging og aktiv deltaking i dei stadig viktigare tilleggsmarknadene intradag- og reservemarknadene.



Anders Eidså, fagansvarleg IT krafthandel, og Bård Bjørneset, krafttrader, i Tussa Energi.

I tillegg til styring og forvaltning av eigen kraftproduksjon, kjøpte vi 169,9 GWh frå lokale småkraftverk, dei fleste privateigde, der Tussa Energi er balanseansvarleg.

Handelen med opphavsgarantiar gav eit positivt resultat, trass i prisnedgang i løpet av året. Samla sett vart prisen for 2025 0,95 øre/kWh mot 2,6 øre/kWh i 2024. Elsertifikat har fått så låg pris at dei ikkje lenger har vesentleg økonomisk betydning.



Tussa sine vasskraftverk

KRAFTVERK	Normal	2025		2024	
	GWh	GWh	% av normal	GWh	% av normal
Tussa	280,7	317,6	113 %	239,2	86 %
Åmela	135,2	142,5	105 %	116,8	85 %
Innvik 1)	43,6	41,4	95 %	47,8	111 %
Sørbrandal	42,9	47,6	111 %	30,7	70 %
Bjørndal	30,6	29,6	97 %	29,7	97 %
Trandal	21,3	24,5	115 %	23,6	115 %
Dale	23,8	25,0	105 %	20,5	86 %
Urke	20,8	21,7	105 %	22,7	112 %
Standal	15,4	14,7	95 %	15,8	103 %
Vedeld	14,6	14,3	98 %	15,1	104 %
Kopa	16,5	16,9	102 %	15,9	96 %
Osdalen	15,9	16,2	102%	14,7	91 %
Viddal	13,8	13,5	97 %	15,0	110 %
Vatne	13,9	13,2	95 %	13,9	100 %
Gjerdsvika	14,7	18,3	125 %	14,3	100 %
Kolfossen	12,5	12,6	100 %	12,9	103 %
Tenneelva	8,6	7,7	90 %	9,0	108 %
Draura	6,1	6,6	107 %	6,6	110 %
Dalane	5,9	5,9	100 %	5,5	89 %
Skår	4,5	4,1	92 %	4,7	107 %
Ulsteindalen	4,6	4,8	104 %	4,7	102 %
Vartdal	3,5	3,5	101 %	3,4	97 %
Dalegjerdet	4,0	3,7	92 %	3,9	98 %
Bruelva	2,5	2,2	87 %	2,7	104 %
Neset	0,4	0,0	0 %	0,0	0 %
Fausa kraftverk	35,1	37,7	107 %	34,1	90 %
Fausa minikraftverk	2,6	2,2	85 %	3,2	103 %
Furset	13,1	13,2	101 %	13,6	101 %
Rødset	5,7	5,8	102 %	5,9	113 %
Sum alle	813,0	867,1	107 %	745,9	92 %

1) Tussa eig 60 prosent av Innvik kraftverk. Heile kraftproduksjonen er oppført i oversynet.

2) Normalproduksjon er rekna som snittet av dei siste 10 produksjonsåra (2016-2025)

Rammevilkår fornybar energi

Auka produksjon av fornybar energi er heilt naudsynt for at Noreg skal nå klimamåla sine. Den regulerbare vasskrafta blir stadig viktigare for å balansere eit energisystem med aukande innslag av uregulert produksjon. Denne endringa i energisystemet kan også gi underskot av effekt i enkelte periodar. Tussa sine anlegg er godt posisjonerte for denne framtida. Stor vasskraft, småkraft og vind på land er dei teknologiane som har lågast kostnad og størst konkurransekraft i ein framtidig kraftmarknad.

Strategi og framtidsutsikter

Auka forbruk som følgje av elektrifisering gir kraftunderskot og effektutfordringar i prisområdet vårt (NO3). Dette blir normalt dekt opp av god flyt mellom prisområda, spesielt med kraft frå Nord-Sverige, men i periodar med lite vind vil NO3 også oppleve prisar som er meir like Sør-Noreg enn tidlegare. Dette blir forsterka av kapasitetsauken som kom på plass hausten 2025 mellom NO3 og NO5 (Vest-Noreg), som knyter oss tettare på den europeiske kraftmarknaden.

Dette legg grunnlaget for å vurdere nye kraftprosjekt og effektoppgraderingar. Ustabile politiske rammevilkår rundt skattlegging av energiproduksjon, gjer det vanskelegare enn før å byggje nye kraftanlegg som har lang levetid, der endringar i rammevilkåra vil kunne slå kraftig inn. Med mange småkraftverk i porteføljen vil endringa som er på høyring rundt senka innslagspunkt på grunnrenteskatt treffe Tussa sterkt. Det er svært uheldig at rammevilkåra for ein langsiktig bransje stadig er oppe til diskusjon.

Kraftprisen dei komande åra

Framtidsmarknaden for transparente kraftprisar på Nasdaq har i dag låg tillit, mellom anna som følgje av store prisdifferansar mellom regionane. Det har ført til lågt omsett volum. Vi legg difor ikkje avgjerande vekt på denne referansen i framtidsvurderingane våre. Vi vel å sjå på framtidsprognosar frå ulike analysemiljø. Prisane i området vårt er forventta å verte rundt 62 øre/kWh frå mars og ut 2026, 59 øre/kWh i 2027 og 56 øre/kWh i 2029. Prisane er baserte på prisprognosar per 16. mars 2026. Uvissa om prisdifferansar og prisnivå er framleis store både på grunn av vêr og fossilprisar.

Med overoppfylling av den svensk-norske elsertifikatmarknaden, er det venta at sertifikatprisane vil halde seg nær null framover. Det som har synt seg å ha større effekt den seinare tida, er prisen på opphavsgarantiar. Der er det utsikter til prisar på mellom 1 og 3 øre /kWh for dei neste fem åra.

NOKRE HENDINGAR I 2025:

- Vi gjennomførte ein vellukka overgang til den automatiserte regulerkraftmarknaden mFRR EAM, og oppfylte alle krava til Statnett
- Vi arrangerte to fagseminar: Småkraftseminaret, som samla aktørar frå småkraftbransjen i regionen til fagleg oppdatering, og Kraftbluesinaret, med tema effektkraftverk, nettutvikling og kraftbransjen sitt omdømme
- Vi rehabiliterte dammen i Sædalsvatnet, Gjerdsvika kraftverk
- Vi rehabiliterte transformator 1 i Tussa kraftverk
- Vi oppgraderte Neset kraftverk. Nytt maskineri aukar produksjonen til om lag 3 GWh

Tussa IKT

Tussa IKT produserer og sel kommunikasjonstenester og IT-tenester. Tussa IKT sitt breibandsnett dekkjer søre Sunnmøre, Stryn og Stranda, og selskapet byggjer ut fiber til hushaldningar og bedrifter. Parallelt med dette blir det satsa sterkt på IT-tenester til næringslivet, primært i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane, men også til andre delar av landet. Tussa IKT har hovudkontor i Hovdebygda i Ørsta og avdelingar i Ålesund, Sykkylven, Stryn og Åndalsnes.

Utvikling i 2025

I 2025 har kommunikasjonstenestene hatt god vekst. Kundetilgangen har vore god, og Tussa IKT fekk ein omsetningsvekst på 10,3 prosent i 2025. Oppkopling av nye kundar i Stryn bidrog til denne veksten.

Innanfor IT-tenester har vi hatt særst god utvikling i omsetninga i 2025, og vi oppnådde ein omsetningsvekst på 51,2 prosent. Hovudårsaka til dette er kjøpet av PC Support.

I 2025 leverte Tussa IKT eit driftsresultat på 45 mill. kr. Resultat etter skatt er 21,4 mill. kr.

Strategi og framtidsutsikter

Tussa IKT skal dekkje kundane sine behov for kommunikasjon og IT-tenester gjennom ein framtidretta teknologi, rett kvalitet og kompetanse og vekt på sikkerheit og miljø. Vi skal vere kundane sitt førsteval som leverandør av breiband, TV og strøymetenester, og vi skal skape lønsam og langsiktig vekst igjennom å levere trygge, berekraftige og framtidretta IT-tenester.

Breiband og fiber

Gode kommunikasjonsløysingar er særst viktig for både hushaldningar og bedrifter. Tussa IKT har eit framtidretta fibernett i området vårt, og tilbyr internett, TV og strøymetenester. Kundetilgangen innan breiband og breibandstenester er tilfredsstillande. Gjennom året har vi bygt ut fiber til fleire kundar, og vi hadde ved utgangen av 2025 omlag 19 100 fiberkundar.

IT-drift og konsulent

Stadig fleire bedrifter vel å setje ut heile eller delar av IT-drifta si på grunn av høgare krav til oppetid, spesialkompetanse og tryggleik. Tussa IKT har som mål å vere ein leiande leverandør av IT-tenester. Vi tilbyr hybride skyløysingar, sikkerheitstenester, konsulenttenester og handelsvarer, og har to energieffektive og moderne datasenter som gir rom for vidare vekst.

Konsulentane i Tussa IKT har solid erfaring, og har spisskompetanse som blir nytta til å etablere gode løysingar for kundane. Vi opplever aukande etterspurnad spesielt innanfor IT-sikkerheit, Microsoft 365 og Azure-tenester. I 2025 har vi også jobba spesielt med moglegheitene KI kan gi kundane våre og oss sjølve.



Roger Welle, prosess- og kvalitetsansvarleg FO IT og Arnt Tore Røe, Key Account Manager, Tussa IKT.

NOKRE HENDINGAR I 2025

- PC Support vart integrert i Tussa IKT og dette auka omsetninga innanfor forretningsområdet IT med 50 prosent
- Vi kopla opp 1 450 nye kundar i Stryn på fibernettet vårt
- Mange av fibernodane i nettet vårt fekk den nye XGSPON-teknologien
- I samarbeid med Nordea arrangerte vi IT-konferansen Teknomagi i Ålesund
- Vi vart resertifiserte innanfor ISO 27001, som stadfestar arbeidet vårt med informasjonssikkerheit
- Nkom gjennomførte fleire høyringar knytt til opning av fibernett. Nkom vil gjere sitt endelege vedtak i løpet av 2026

Tussa IKT	2025	2024	2023
Rekneskapstal (mill. kr)			
Driftsinntekter	402,2	318,3	283,2
Driftskostnader	357,2	277,6	250,0
Driftsresultat	45,0	40,7	33,2
Netto finans	-16,6	-15,0	-12,7
Resultat før skatt	28,5	25,7	20,5

Tussa Installasjon


Tussa Installasjon er ein elektroentreprenør som leverer tenester innan dei aller fleste elektrotekniske fagområda som t.d. sterkstraum, svakstraum, automasjon, tele og data. Det vert levert tenester til privatpersonar, industri og næringsverksemdar. Tussa Installasjon har avdelingar i Ørsta, Ulsteinvik, Fosnavåg og Stryn.

Utvikling I 2025

Tussa Installasjon hadde eit driftsresultat på 8,5 mill. kr i 2025, som er ei auke på 0,8 mill. kr frå 2024. Året var prega av låg aktivitet i privat- og prosjektmarknaden, men serviceaktiviteten var god. Omsetninga i 2025 gjekk opp med 35 mill. kr samanlikna med 2024, og denne auken skuldast kjøpa av Proton Elektro og Nordvest Elektro.

Strategi og framtidsutsikter

Tussa Installasjon er den største og mest komplette elektroentreprenøren i distriktet, godt etablert i marknaden med ei over 75 år lang historie. Ved å levere rett kvalitet til rett tid og til konkurransedyktig pris, skal Tussa Installasjon vere det føretrekte valet når marknaden skal velje elektroentreprenør. Selskapet



skal vere kjent for eit godt fag- og arbeidsmiljø, og vere den mest attraktive arbeidsplassen for elektrofagfolk i distriktet.

Utsiktene for 2026 er noko betre enn fjoråret, men året vil vere prega av låg aktivitet i privat- og prosjektmarknaden.

NOKRE HENDINGAR I 2025

- Lansering av SolarAnchor, eit nytt festesystem for solcellepanel på flate tak
- For Ulstein Betong stod vi for komplett elektroinstallasjon til alle flåteleveransar
- I samarbeid med Tussa IKT leverte vi full fiberinstallasjon til fleire nye bustadfelt
- Vi gjennomførte elektroinstallasjonen i samband med ombygginga av Idrettsbygget til Statsbygg i Volda
- På Sætrebakkane i Ørsta leverte vi komplett elektroinstallasjon til 16 bustader
- Til Nettet kraftverk leverte vi bygg- og kontrollanlegg for Tussa Energi
- Vi installerte ein komplett solcelleinstallasjon med SolarAnchor til Sandetun omsorgssenter i Sande kommune. I tillegg leverte vi elektroinstallasjonen til nybygget på Sandetun
- RS Systemer fekk levert installasjons- og automasjonstenester frå oss

TUSSA INSTALLASJON

Rekneskapstal (mill. kr)	2025	2024	2023
Driftsinntekter	253,2	218,2	190
Driftskostnader	244,7	210,5	174,2
Driftsresultat	8,5	7,7	15,8
Netto finans	-4,0	-2,6	-1,7
Resultat før skatt	4,5	5,1	14,1



SolarAnchor blir montert på Sandetun omsorgssenter.

Styret i Tussa Kraft AS

31.12.2025

Valde av aksjonærane:



Sindre Rotevatn

Styreleiar

Stilling: Bedriftspartner, Sparebank 1
Rekneskapshuset SMN AS
Utdanning: Siviløkonom

Fødselsår: 1960
Tal år i styret: Frå 2013 - 13 år
Deltaking i styremøte i 2025: 8 av 8 møte



Jorunn Skrede

Nestleiar

Stilling: Økonomisjef i Hagen AS
Utdanning: Siviløkonom

Fødselsår: 1969
Tal år i styret: Frå 2022 - 4 år
Deltaking i styremøte i 2025: 6 av 8 møte



Rune Hovde

Styremedlem

Stilling: Rektor på Møre Folkehøgskule
Utdanning: Master of Business and Marketing,
Master of Management og kraftanalytiker

Fødselsår: 1964
Tal år i styret: Frå 2024 - 2 år
Deltaking i styremøte i 2025: 6 av 8 møte



Ann Helen Korsfur Krøvel

Styremedlem

Stilling: Viseadm. direktør og HR-sjef i Vik Ørsta AS
Utdanning: Marknadsføring, arbeids- og
organisasjonspsykologi og bachelor i reiseliv

Fødselsår: 1978
Tal år i styret: Frå 2025 - 1 år
Deltaking i styremøte i 2025: 6 av 6 møte



Linn Therese Hansen Sævik

Styremedlem

Stilling: IPS-rettleiar i NAV Ytre Søre Sunnmøre
Utdanning: Kriseleing- og beredskap, og
samfunnsfag

Fødselsår: 1989
Tal år i styret: Frå 2025 - 1 år
Deltaking i styremøte i 2025: 6 av 6 møte



Elisabet Lauvstad Haugen

Styremedlem

Stilling: Adm. medarbeidar Strand Stillas AS
Utdanning: Leing, økonomi

Fødselsår: 1973
Tal år i styret: Frå 2025 - 2 år
Deltaking i styremøte i 2025: 5 av 8 møte



Egil Brækken

Styremedlem

Stilling: Direktør IT og digitalisering KLP Eiendom
Utdanning: Sivilingeniør NTH

Fødselsår: 1969
Tal år i styret: Frå 2024 - 2 år
Deltaking i styremøte i 2025: 8 av 8 møte

Valde av tilsette:



Sindre Svellingen

• NITO

Fødselsår: 1984
Tal år i styret: Frå 2023 - 3 år
Deltaking i styremøte i 2025: 8 av 8 møte



Daniel Fjørtoft

• EI&IT

Fødselsår: 1983
Tal år i styret: Frå 2015 - 11 år
Deltaking i styremøte i 2025: 8 av 8 møte



Torgeir Bratteberg

• EI&IT

Fødselsår: 1986
Tal år i styret: Frå 2023 - 3 år
Deltaking i styremøte i 2025: 8 av 8 møte



Olav-Arne Hustad Vinjevoll

• Uavhengig

Fødselsår: 1981
Tal år i styret: Frå 2019 - 7 år
Deltaking i styremøte i 2025: 8 av 8 møte

Organization and History

Tussa Kraft AS was founded in 1949 and has been producing and supplying electricity on the northwest coast of Norway, primarily in the southern part of Sunnmøre, for 76 years. The company has played an important role in the region's industrial development and in shaping the local power and telecommunications supply. Tussa has consistently demonstrated its ability to adapt to change and has evolved into a leading regional utility with 274 employees, and a total of 309 employees including temporary staff, contractors and apprentices.

Tussa produces renewable energy, builds and operates digital infrastructure, offers IT services and is a major electrical contractor. The company also holds significant ownership interest in power grid and energy trading companies.

Vision

Tussa's vision is to create future-oriented and environmentally friendly solutions. High quality, strong local roots, social responsibility, and long-term thinking are intended to make Tussa the preferred choice for its customers.

Organization

Tussa is organized as a corporate group, with the parent company, Tussa Kraft AS, owning 100% of the subsidiaries Tussa Energi AS, Sunnmøre Energi AS, Tussa IKT AS and Tussa Installasjon AS. Administrative support functions related to finance, human resources, administration, and communications are centralized in the parent company, which provides services to the subsidiaries.

In addition to the wholly owned subsidiaries, Tussa holds strategic and industrial ownership interests in Linja (32.9%), Istad AS (36%), and Wattn AS (21.9%).



Tussa Energi AS

Tussa Energi AS owns and operates 28 power stations and is a co-owner of one other. The group's normal annual production is 813 GWh. In 2025, the group's total power production was 867 GWh, up from 746 GWh in 2024. The average spot price in the region was 24.7 øre/kWh. Tussa Energi AS is an active participant on the Nordic power exchange, Nord Pool. Tussa achieved a total price of 32.5 øre/kWh for the power produced, due to efficient market planning and activity in intraday and reserve markets.

Tussa IKT AS

Tussa IKT AS manages Tussa's investments in regional IP network infrastructure, built using wireless technologies and optical fibers. The company provides comprehensive IT services to businesses and public organizations, delivered from its modern data center in Ørsta and supplemented by Microsoft Azure cloud services, advanced IT security, and a professional service desk. The company is ISO 27001 certified. Customer satisfaction remained high in 2025, and Tussa had approximately 19,100 fiber customers.

Tussa Installasjon AS

Tussa Installasjon AS offers electrical contracting services across most electrical engineering disciplines. Services are provided to private customers, industry, and businesses.

Strategy and Forecasts

Tussa's owners want the company to continue building on its strengths, maintaining independence and serving as a driving force for regional development. Tussa is also a key instrument for securing sustainable energy supply in the region. The vision is to create progressive and environmentally friendly solutions with power from Tussa.

Ownership

Tussa is committed to providing information that reflects the true share value of the company and its role in local society. This entails having an active attitude toward delivering on its promises to shareholders and informing them accordingly. Maintaining a local majority holding in Tussa is still considered vitally important.

Hydroelectric Power – Renewable Energy

Growing electricity demand driven by electrification is creating power deficits and capacity challenges in our price area (NO3). These are normally mitigated by strong transmission flows between price areas,

particularly imports from Northern Sweden. However, during periods of low wind generation, NO3 will increasingly experience price levels more similar to those in Southern Norway than before. This development has been further reinforced by the capacity increase implemented in autumn 2025 between NO3 and NO5 (Western Norway), which ties our region more closely to the European power market.

These conditions form the basis for evaluating new power generation projects and capacity upgrades. At the same time, unstable political framework conditions related to taxation of energy production make it more challenging than before to invest in new power plants with long operational lifetimes, where changes in the regulatory environment can have a significant financial impact. Given Tussa's portfolio of many small-scale hydropower plants, the proposed reduction of the threshold for ground rent tax currently under consultation would have a particularly strong effect on the company. It is highly unfortunate that the framework conditions for a long-term and capital-intensive industry are repeatedly subject to change and ongoing political debate.

Electricity remains a key element of the future energy system, and hydropower continues to be the most competitive energy source in Norway. Tussa is well-positioned for this future.

IT and Broadband

Tussa aims to be the preferred provider of broadband and related services in the Sunnmøre region. The company continues to expand its fiber infrastructure to meet increasing demand for high-capacity and stable connections.

Tussa delivers secure, sustainable, and modern communication and IT services from advanced data centers in Ørsta and Sykkylven, combined with Microsoft Azure cloud services, professional IT security offerings, and a responsive local service desk.

Tussa acquired 100% of PC Support in 2025, and the company was merged into Tussa IKT on May 1, 2025, increasing activity in this area by approximately 50%.

Electrical Contractor

Tussa is the largest and most complete electrical contractor in the region. The company is known for its strong professional environment and aims to be the most attractive workplace for electrical professionals.

The outlook for 2026 is positive, with strong activity expected in both the project and service markets.

In 2024, the company acquired Proton Elektro AS and Nordvest Elektro Drift AS, and the two companies were merged into Tussa Installasjon AS in 2026, and on May 1, 2025, respectively. This increased installation operations by about 30%.

Marketing and Customer Support

Tussa's core market is the northwest coast of Norway, with a primary focus on regional customers, but the company also seeks growth beyond its traditional geographical base.

New products must align with Tussa's core values, local, responsible, professional and forward-looking, and with its infrastructure in energy and telecom. Logical product families, effective customer communication, and the development of online services will be key to future success. Tussa's owners remain confident in long-term profit growth.

Sustainability and Equality

The Tussa group is ISO 14001 certified.

Tussa has zero tolerance for discrimination and works actively to ensure gender equality. In 2025, 13% of employees were women, 50% of the group management were women, and women held 38% of board positions.

Key Figures 2025	Value
Operating income	963.3 million NOK
Operating Profit	125.5 million NOK
Profit Before Tax	226.0 million NOK
Profit After Tax	175.5 million NOK
Tax Expense	50.6 million NOK
Total investments	195.6 million NOK
Ordinary Dividend	76.2 million NOK
Power production	867 GWh
Permanent employees	274
Apprentices	24
Total employees	309
Sick leave	4.4%
Reported work-related injuries	2

Tussa continues to demonstrate resilience and adaptability, positioning itself as a forward-thinking energy and technology provider for the region and beyond.



CEO of Tussa, Olav Osvoll, and Power Plant Manager Terje Myklebust at Tussa Energi.

Revenue statement

Numbers in 1 000 NOK

Tussa Kraft AS			Tussa Group		
2025	2024	Note	2025	2024	
OPERATING INCOME AND OPERATING EXPENSES					
3 342	4 412	Revenue	633 153	525 327	
0	0	Energy revenue	325 827	362 651	2, 3
38 793	34 215	Other income	4 359	3 329	
42 135	38 626	Total income	963 339	891 307	3, 4, 5
284	731	Raw materials and consumables used	194 681	156 256	
0	0	Energy- and transmission cost	68 237	79 665	
33 064	28 616	Employee benefits expense	285 947	242 443	6, 7
774	652	Depreciation and amortisation expense	153 436	134 820	8, 9
0	0	Impairment loss	894	272	8
21 200	20 477	Other expenses	134 644	127 619	5, 10, 11, 12
55 321	50 476	Total expenses	837 839	741 075	
-13 186	-11 850	Operating profit	125 499	150 232	
FINANCIAL INCOME AND EXPENSES					
223 889	152 565	Other financial income	166 025	80 979	13, 14
0	0	Net change in fair value of financial current assets	-316	-5 087	
0	0	Net change in currency	-1 259	-9 736	
64 454	47 319	Other financial expenses	63 919	45 036	3, 13
159 435	105 246	Net financial items	100 531	21 120	3, 13, 14
146 249	93 396	Net profit before tax	226 031	171 352	
-35	5 760	Income tax expense	50 576	63 125	15
146 284	87 636	Net profit or loss	175 455	108 226	
0	0	Minority share	-419	-283	
146 284	87 636	Majority share	175 874	108 509	
109 557	35 222	Reserve for valuation differences	-	-	
76 179	69 356	Ordinary dividend	76 179	69 356	
-39 452	-16 942	Other equity	99 695	39 153	
146 284	87 636	Total allocated	175 874	108 509	16, 17

Balance Sheet

Numbers in 1 000 NOK

Tussa Kraft			Tussa Group		
2025	2024	Note	2025	2024	
ASSETS					
Non-current					
Intangible assets					
1 103	1 648	Waterfall rights	143 997	144 308	9
0	0	Goodwill	84 806	55 098	9
1 103	1 648	Total intangible assets	228 803	199 407	
Property, plant and equipment					
10 592	10 332	Buildings and land	184 284	148 656	8
0	0	Power plant assets	995 747	1 020 773	8
0	0	Transmission assets	606 689	601 478	8
0	0	Equipment and other movables	120 218	108 512	8
0	0	Assets in progress	139 454	95 531	8
10 592	10 332	Total property, plant and equipment	2 046 391	1 974 948	
Non-current financial assets					
1 156 388	1 127 025	Investments in subsidiaries	0	0	14
566 092	561 292	Loans to group companies	0	0	18, 19
1 229 050	1 122 533	Investments in associated companies and joint ventures	1 229 050	1 122 533	14, 20
957	22 802	Investments in shares	17 385	38 738	20
2 924	681	Other receivables	6 958	8 903	18, 20
1 554	1 703	Pension funds	5 850	4 230	7
2 956 964	2 836 037	Total financial fixed assets	1 259 242	1 174 405	
2 968 659	2 848 017	Total non-current assets	3 534 436	3 348 760	

Balance Sheet, continued


Numbers in 1 000 NOK

Tussa Kraft			Tussa Group		
2025	2024	Note	2025	2024	
Current assets					
0	0	Inventories	21	13 475	12 533
Debtors					
2 646	1 435	Accounts receivables	19	75 857	58 622
0	0	Accrued income	22	18 700	26 511
65 322	44 039	Receivables group companies	19	0	0
1 590	1 514	Other short-term receivables	19	27 442	27 551
69 557	46 987	Total debtors		122 000	112 684
43 854	74 902	Cash and cash equivalents	23	86 294	108 120
113 412	121 889	Total current assets		221 769	233 337
3 082 070	2 969 906	Total assets		3 756 205	3 582 097
EQUITY AND LIABILITIES					
Paid-in capital					
34 970	34 970	Share capital	24	34 970	34 970
780 833	780 833	Share premium reserve		780 833	780 833
119 282	119 282	Other premium reserve		119 282	119 282
935 085	935 085	Total paid-up equity		935 085	935 085
Retained earnings					
577 421	467 864	Reserve for valuation variances		0	0
221 116	276 850	Other equity		934 432	847 540
798 537	744 714	Total retained earnings		934 432	847 540
0	0	Minority share		39 633	38 847
1 733 623	1 679 799	Total equity	16, 17	1 909 150	1 821 472

Balance Sheet, continued

Numbers in 1 000 NOK

Tussa Kraft			Tussa Group		
2025	2024	Note	2025	2024	
LIABILITIES					
Provisions					
101	511	Employee benefit obligations	7	2 198	2 467
559	594	Deferred tax	15	127 483	121 578
7 276	11 959	Other provisions		31 813	40 922
7 936	13 064	Total provisions		161 494	164 967
Other non-current liabilities					
1 105 000	1 045 000	Liabilities to financial institutions	18, 19, 25	1 379 675	1 322 445
100 113	100 113	Liabilities to other group companies	18	0	0
0	0	Other non-current liabilities		995	995
1 205 113	1 145 113	Total non-current liabilities		1 380 670	1 323 440
Current liabilities					
1 683	3 208	Trade payables	19	51 449	35 284
0	1 784	Tax payable	15	46 806	60 696
3 031	3 102	Public duties payable		55 300	40 973
76 179	69 356	Dividends		76 179	69 758
46 716	48 763	Gjeld til selskap i samme konsern	19	0	0
7 789	5 717	Other current liabilities	19, 25	75 158	65 506
135 399	131 931	Total current liabilities		304 892	272 217
1 348 448	1 290 107	Total liabilities		1 847 055	1 760 625
3 082 070	2 969 906	Total equity and liabilities		3 756 205	3 582 097



TUSSA